



**ÅSERAL
KOMMUNE**
- Ei positiv kraft



Skreddarburet i Austegarden. Foto Peder Austrud

KULTURMINNEPLAN 2020-2025

ÅSERAL KOMMUNE

VEDTEKE AV KOMMUNESTYRET 12.12.2019

2
 Gamall frá Ásmund.
 Tekst til ein slátt. Uppskr. Ásmund Nordgarden 1916.

meir
 skia.
 skrift

inni káam hán tó'ire, tó'ire vauley o (sko)
 rá ein drukkjen mann.
 slo^a i bo'ire so de dun'ra. dund) na
 halte-kári frá k'ykkjen sprang, ó?
 sp'ure ko hán tó'ire & jó'ire. (d) (dó'ire).
 "vö'nd he eg vore, vörre ska eg bli,
 höy're du de, du kjeddingjæ mi,
 du kjeddingjæ mi!" sa hán tó'ire.
 folk

Inn kom han Tore
 va ein drukkjin mann
 slo i bore so de dundra.
 Halte-Kari frá kykkjen sprang
 á spure ko han Tore jore.
 "Vond he eg vore, vørre ska eg bli,
 høyre du de, du kjeddingjæ mi,
 du kjeddingjæ mi", sa han Tore.

Ein slátt etter Ásmund Nordgarden, nedskreven av professor Knut Liestøl i 1916.



Schübelers kart over Kyrkjebygd, frå 1866.

INNHALD

DEL I - HISTORISK DEL

Dei lange liner	7
Åseral og åsdølen	8
Naturgrunnlaget	10
Dei eldste tider	12
Buplassar frå steinalderen	12
Gravhaugar og gravfunn	13
Sosteli	14
Mellomalderen	16
Kyrkjer og kristendom	16
Innlandskulturen veks fram	17
Skraddarburet	19
Jordbruk, stølsliv og arbeidsvandringar	20
Heieslått	20
Veiding	21
Onnearbeid og arbeidsvandringar	21
Endringar på 1800-talet	22
Mandalsvegen og Setesdalsbanen	22
Lokalt sjølvstyre	23
Hungersnød og utvandring	23
Hamskiftet	24
Turistane kjem	25
Skulestellet	26
«Svermeriet i Aaserall»	27
Nokre hovudtrekk ved utviklinga etter 1900	28
Vasskraftutbygging	28
Bu heime, jobbe ute	29
Nye og gamle næringar	30
Turistkommune og kraftkommune	31

DEL II

Plan og prosess	33
Mål	34
Plantype og avgrensing	34
Prosess og medverknad	35
Forholdet til andre planar og lovverket	35
Kommunale planar	35
Regionale planar	36
Samarbeidsavtale med fylkeskommunen	36
Nasjonale forventningar	36
Lovverket	36
Kulturminnelova	36
Plan- og bygningslova	36
Internasjonale avtalar	37
Konsekvensar av planen	37
Rullering	37
Status og utfordringar	38
Kva er eit kulturminne?	38
Utfordringar	39
Kjende kulturminne og datagrunnlag	39
Askeladden	39
Automatisk freda kulturminne	39
Vedtaksfreda kulturminne	40
Kulturminne freda gjennom forskrift	40
Statleg listeførte kulturminne	40
Listeførte kyrkjer	40
Sefrak	40
Kulturminne i museal kontekst	41
Kommunalt vern	41
Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskaps vernområde	41
Lokalt prioriterte kulturlandskap	41
Kommunen si rolle	42
Kommunen som myndigheit	42
Kommunen som eigar	42
Tilrettelegging og formidling	42
Samarbeid	43

Tilskotsordningar og økonomiske virkemiddel	43
Prinsipp for istandsetting og vedlikehald	44
Nettressursar	45

DEL III

Strategiar	47
Nokre strategiar for kulturminnevern i Åseral	48
Betre koordinering, informasjon og lokal forankring	48
Kva skal ein prioritere?	48
Utvalde kulturmiljø	49
Kyrkjebygd	50
Ljosland	52
Vestheia	54
Øygardsmiljøet på Espeliheia	55
Lognavatn	56
Kylland med Aukland	58
Åmland	59
Storli	60
Gamle vegar	61
Nordmannsvegen	62
Futevegen	62
Byvegen	63
Ridevegen Ljosland – Knaben	63
Gamle Nåvassvegen	64
Andre prioriterte kulturminne	65
Mjølkebua i Torslandskrysset	66
Bedehuset på Rosseland	66
Lars Mjåland sin heim	66
Bakstehus på Røyddan	67
Bjønnebua på Mjåland	67
Hestetron	67
Rjukanfossen - kraftverk	68
Breland skulehus	68
Egså sagbruk	68
Hytte ved Stasvatn	68
Flyvrak på Snøhei	69
Buret i Bortelid	69
Øygarden under Velifjell	69
Arkeologiske kulturminne	70
Åstøl (jernvinneannlegg)	70
Sosteli	70
Kyrkjevodden	70
Skiphedderen	70
Berg (gravhaugar med bauta)	71
Gyvatn (steinalderbuplassar)	71
Grokleiv (gravhaugar)	71
Torsland (gravhaugar)	71
Lokale tradisjonar	72
Skraddarsoga, eventyr og andre segner	72
Folketoner	74
Slåttetradisjonar	74
Flatbrød- og lefsetradisjonar	75
Veving og teppetradisjonar	75
Drakttradisjonar	76
Åsdølmålet	77
Treskjering	77
Handlingsplan	78
Prioriterte tiltak i 2020	78
Overordna tiltak, uprioritert rekkefølge	79
Tiltak i utvalde kulturmiljø i uprioritert rekkefølge	80
Gamle vegar, uprioritert rekkefølge	81
Andre kulturminnetiltak, uprioritert rekkefølge	81
Lokale tradisjonar, uprioritert rekkefølge	81
Kjelder	82

*Honndølann sit' upp i toddann o sava.
Ser dei ein aasdøl, so tor dei kje tala.
Fysst aasdøl kjem'e paa Honnes ting,
So spyr'e han: Kor e savaren?*

*I Aaseral der e gjentenn mange,
i Grinneim e di baa graa o lange,
i Honnes e dei no so som so,
men i Bjelland der veit du dei e framifraa.*

*Upp o ut ette Manndalsdalen
han sit og rugga, dennæ Fisklandskaren.
Han gje burt gullbann o kjøpe skinn,
o fri te gjentenn kor han kjem inn.*

*I Aaseral der e gutann mange,
sume e stutte og sume lange;
sume e som ei gron so grei,
aire e som ein moksle-mei.*

Peder Lunde: Kynnehuset

DEL I - HISTORISK DEL

DEI LANGE LINER



Kyrkjebygd før 1914. Foto: Knut Åknes

Rim om gardar

På Ljosland der er stort og ljott. Med mange budeie og mange folk, men der kan ikkje gjera ein kvenneskolp.

Breland er ein liten fin gard.

I Sandnes skin sanden kvit.

På Liland sym alle lommar fram.

På Nesland blir ingen gamal mann.

På Røysland bur ein bause.

På Forgard knagar dei vere honn.

I Austrud fører dei alle Bergs bonn.

På Åsland fører dei tause.

- Lokaltradisjon Åseral -



Kyrkjebygda 2014. Foto Kjell Olav Austrud

ÅSERAL OG ÅSDØLEN



Utskjerigar frå seng på Ljosland. Foto: Vest-Agder Fylkeskommune

«I Aaseral er der høiere, lysere og slankere folk med spidse, skarpe næser, ikke sjelden af en eiendommelig form med en liden op-høining paa tuppen... Legemsbygningen er oftere slankere end ellers i disse bygder, og figuren minder adskillig om setesdølen. En tradition beretter, at Aaseral engang i tiden kun var sæterdal for Setesdalen,» heiter det i «Norges land og folk», som utkom i ei tid (1903) då hadde vorte populært å måle hovudskallar og leite etter fysiske «rase»-skilnader mellom folk frå ulike bygdelag.

«Høit oppe ved Foden av Hekfjeldet og ved Mandalselvans Udspring ligger den ensomme kun lidet kjendte Fjeldbygd Aaseral». Slik byrja sokneprest Schübeler sin presentasjon av Åseral i «Morgenbladet» i 1861. Han la til at det berre var «yderst faa Fremmede, som nogensinde ere komne saa langt op uden et Par Lastehandlere og af og til desværre kanske ogsaa en Sagfører eller hans Fuldmægtig».

Austrusklubbå og Åslandssnarten

Åsmund Åsland herja til seg alt på vestledi – dei kalla han «Åslands-snarten» av di «han gjekk som ein snart», var driten og kaldleg allstødt. Han hadde knaltreotor med Valter jamt. Der var noko haugar på austledei, midt fyre Åsland, og på Åsland var Kong Åsmunds haug. På dei haugane sat dei og skautst, Austrusklubbå og Åslandssnarten.

- Lokaltradisjon Åseral -

Fjellbygda Åseral og åsdølen med sin særeigne innlandskultur og -tradisjonar skil seg på mange vis frå nabobygdene, og særleg frå distrikta nærare kysten. Slik har det vore i lang tid, og la oss gjere ein ting klårt med ein gong: Det skuldast slett ikkje at åsdølane har mangla kontakt med verda rundt, heller tvert om. Men av ulike årsakar har ein vald å halde på sitt eige. Denne karakteriske kulturen, og det like karakteristiske strevet for å sette sitt eige preg på alt som kjem utanfrå og gjere det til sitt, vart bemerkta alt av dei topografiske forfatarane på 1600- og 1700-talet.

Amtmann Peter Holm i Kristiansand skildra såleis «fjeldfolkene» som noko for seg sjølv i 1790-åra. Han fortel at dei «ere haarde af Natur», «leve ved slet og grov Kost» (for det meste melk, ost, smør, vellings og brød, sjelden kjøtt og fisk). Holm peikar på kleda til fjellfolka, som skil seg frå det han kjenner

frå kystbygdene – han fortel om karar med blå trøyer og bukser av grått eller kvitt vadmél, med «*en liden Hue eller Hat*» på hodvudet, og om kvinnfolk i sine «*tarvelige*» kvardagsklede. Til høgtid og fest berer kvinnene derimot fine svarte trøyer av sars (eit tynt stoff med blank overflate, ofte av ull) og raude skjørt, kvite halstørkle, ein ring av gull eller sølv på fingeren, og «*nogle Sölv Snörebaand og Maller.*»

Holm er elles oppteken av det han meiner er enkle og primitive materielle forhold i fjellbygdene, og at bøndene i desse områda ikkje er «reenfærdige i deres Huse». Samstundes peikar han på dei overdådige gjesteboda, og for han underlege drikkeskikkar til dømes i bryllaup, der det «er en Skam at være ædrue».

Eit anna trekk som amtmannen festa seg ved, var hangen til å tale høgt og tydeleg om «egne Bedrifter, om Heste- og Qvæg-handel, hvorom de ved en Potte Öll kan væve hele Natten». Talemålet kunne vere vanskelig for embetsmannen å forstå; «mundarten» er «haard, dragende, og for en Fremmed meget uforstaaelig,» skriv han. Sjølv om Holm vektlegg ting som for han framstår som annleis, ja eksotisk, er han slett ikkje usympatisk innstilt til opplendingane.

Det same kan seiast om ein annan og noko eldre observatør, Andreas Tostrup. Han var fut i Lister len, og forfatta ei skildring av embetsdistriktet sitt i 1743. Han trekker fram mykje av det same som Holm, men supplerer med fjellbøndene sin «inclination» til «Odels og Arve Jord» og dei mange kranglane og rettsprosessane om jord og eigedom. Tostrup filosoferer dessutan kring spørsmålet om «den gamle Norske Art endnu har levnet disse noget», og skriv at omgangsforma i dei øvre bygder er lettare og lystigare, og at folk der likar dans og musikk og trakterer instrument som langeleik, trommar, lur og fele.

Desse forfattarane var óg opptekne av det dominerande husdyrhalde, av jakt og fangst, av skogsdrift og av driftetraffikken. Dei skreiv mindre om byggeskikken, som dei kan hende ikkje kjende like godt til – dei hadde nok først og fremst møtt åsdølar og andre folk frå indre Agder i byen eller på tinget, og ikkje heime.

I dag er jo nettopp byggeskikken, ikkje minst dei høge, timra bura, eit av dei trekka som vi oppfattar som sermerkte for Åseral og andre fjellbygder. Ein som levde samstundes som Holm og Tostrup, Reier Gjellebøl som var prest i Valle, laga ei lang og grundig skildring av mellom anna hus og husbunad i «Sætersdalen» som var ferdig i 1777, og han peikar mellom anna på «det saa kaldte Bur eller Bod» som «bestaaer af 2 Etager, dog med den Forandring, at den överste Etage, som og kaldes Loft, gaaer 1 Alens Længde udover den nederste paa alle Sider».

Gjellebøl oppfatta på same måte som sine med-embetsmenn at tilhøva i dei øvre bygder var enkle og noko gamaldagse. Det gjaldt også byggeskikken. Folkelivsgranskaren Eilert Sundt skriv om «Fjeldmændene» i Eiken, Åseral og Setesdal at dei er «bekjendte videnom, som kraftige Folk, men med overmaade gammeldags Sæder». Sundt, som sjølv var fra Farsund, nemner kring 1860 at han sjølv hadde møtt eldre åsdølar som godt kunne hugse at årestover var regelen i bygda, og

han fortel som eit kuriøst døme om ein kar (Søren Knudsen Aasland, d. 1860) som i manns minne hadde laga den første handsaga i Åseral, og som hadde lært seg å nytte denne reidskapen medan han var til sjøs. Langt seinare kunne kulturhistorikaren Gisle Midttun meine at «millomalderen varde lenge i Åseral, i bygnadsvegen som i mangt anna...» (i Vest-Agderbandet av bokverket Norske bygder, 1925).



Innsida av kistelokk, måla av Guttor i Eptestøl i 1802.
Foto: Vest-Agder Fylkeskommune



Utskjering på stokkevegg frå hus på Ljosland. Foto: Kari Røynlid

Ekjilsfisaren
Hankodd-dritaren
Røyddans-røyæ
Liestøls-fuglen
Røynelistinuen
Tveitstøl-jollin
Hekk-Smelann
Austrus-klubbå
Bergs-krøklå
Gards-glipen
Aaslanns-snarten
Krybb-Toslann

- Lokaltradisjon Åseral -

Gardsregler



Utsikt frå Skoræ. Foto: FLiR

NATURGRUNNLAGET



Kyrkjebygd frå sør, 1962. Foto: agderbilder.no



Kyrkjebygd sett frå Rofjellet i nord. Foto: ÅBUS, 2018

Frå gammalt av vart Åseral rekna til Robyggjelaget, som den vestlege bygda, og saman med bygdene i Setesdal sørover til Hornnes og nokre bygdelag aust for sjølve Setesdalen. Då inndelinga i amt kom i 1660, vart Åseral og dei andre bygdene i Robyggjelaget lagde til Nedenes og Robygdelagets amt. Åseral er øverste bygda i Mandalsdalføret; kommunen er og har vore stor i utstrekning, men liten i folketal.

Mandal vert trongare nordover, og ein skal ikkje reise langt inn i landet før det ikkje er plass til anna enn elva og vegen mellom dei skogkleddede åsane som skråar oppover på begge sider. Her og der vider dalen seg ut, og der finn ein gjerne ein gard eller to, før den snevrar seg inn att. Slik er landskapet når ein kjem inn i Åseral sørfra, og frå Håverstad og Mjåland og nordover er dalen på det smalaste. Nord for Mjåland ligg Heddefossen med dei store jettegrytene i eit juv. Men frå Fiskland vider landskapet seg ut, og ved nordenden av det langstrakte vatnet Øre får ein auge på den breide Kyrkjebygd.

Kyrkjebygd er sentrum i Åseral og har frå gammalt av vore delt mellom fire matrikelgardar, Åsland, Forgard, Berg og Austrud (Austrhus), men kvar av dei vart på eit tidleg tidspunkt så oppdelte at dei tettbygde tuna fortona seg mest som små landsbyar. Kyrkjebygd er omgitt av fjell, og dalen opnar seg berre mot Øre i sør. I vest ligger Rofjell, og i nord ruver Arenevet, som når opp i over 800 meter.

Sokneprest Schübeler, som skreiv om Åseral og åsdølane i «Morgenbladet» i 1861, var oppteken av kor vakker Kyrkjebygd var. Han skildrar reisa nordover etter Byvegen, der han ikkje finn nokre «lovende Udsigter», og «man kunde gjerne fristes til at vende om igjen.» Men:

«Naar man saa endelig er kommen forbi den sidste Støl, som karakteristisk nok kaldes Sovestøl, med dens smaa halv forraadnende Høboder, begynder Nedstigningen temmelig hovedkulds. Naar man nu staar paa den sidste Skrænt og paa en vakker Sommerdag ser ud over Dalen, helst i Formiddagsbelysningen, da har man et saa opløftende deiligt Skue for sig, at der skal en ganske anden Pen end min til at male disse paa engang storartede og milde Træk. Kirkebygden er ogsaa og det med Rette kjendt langs Veien for sin Deilighed.»

Han fortel vidare om

«den brede, deilige, grønne Slette, med sin lysende, hvide Kirke i Baggrunden, de to Elve, som strax nedenfor løbe sammen, Vestelvens rygende og dampende Fossefald, de bratte Fjeldsider med Striber af Birkeskov, - alt dette er tilsammen et Billede saa malerisk skjønt, at det neppe kan beskrives.»

Nordover frå Kyrkjebygd deler dalen seg i to, Vestredalen og Austredalen eller Lognadalen. Logna renn roleg gjennom Austredalen frå Lognavatnet til Øre, medan Monn fram til reguleringa i 1953 kom buldrande gjennom Rjukanfossen og andre stryk og fossar i Vestredalen. Logna og Monn utgjør saman med Skjerka den nordlege delen av Mandalsvassdraget.

Nokre kilometer nord for Kyrkjebygd sluttar furuskogen, og Vestredalen vidare oppover har tradisjonelt berre hatt lauvskog. Det er tre større gardsområde opp gjennom Vestredalen: Røysland, Breland og Ljosland. Austredalen har ein heilt annan utsjånad; den er breidare og har ikkje same stigninga som Vestredalen. Gran- og furuskogen dominerer her. I Austredalen ligg dei større gardane Torsland og Smeland før ein kjem til grenda rundt Lognavatnet, om lag 2 mil frå Kyrkjebygd.

Medan den sørlege og austlege delen av kommunen har mykje furuskog, er det til dels nakne heiar som pregar landskapet på vestsida, i grensetraktene mot Eiken og Fjotland, samt lengst i nord. Høgste toppen er Skoræ (1041 m), som ligg inne på heia vest for Ljosland.


Faunaen i Åseral omfattar mellom anna elg, rådyr, rev, hare, lemen, fjellrype og gaupe. Historisk har det òg vore bjørn og ulv i kommunen, og på Mjåland finn ein framleis eit spesielt kulturminne i form av ei bjønnebu, som fortel om korleis folk forsøkte å verge seg sjølv og husdyra mot rovdyr. Ein del av Åseral ligg elles i Setesdal vesthei villreinområde.



Utsikt frå Røynlidbrua nedover dalen. Foto: Ann Kristin Tollefsen, 2019



Ljosland, Foto: Åseral kommune



Hare i hagen. Foto: Ann Kristin Tollefsen, 2019



Åknes og Nordgarden sett frå Tveitstøl. Foto: Knut Åknes



Bilete frå utgravingane til Anders Hagen i Sosteli. Foto: Nationalmuseet.

DEI ELDSTE TIDER



Pilspiss av flint, funnet i fjellet vest for dagens Nåvatnmagasinet.
Foto: Vest-Agder Fylkeskommune



Olav Arnfinn Kallhovd og Håkon Torsland deltek i arbeidet med å registrere stolpekyrkja på Kyrkjevodden (Åknes). Foto: Vest-Agder Fylkeskommune

BUPLASSAR FRÅ STEINALDEREN

Ludvig Schübeler (1813-1886) var sokneprest i Åseral, og både han og familien var ivrige jegarar og friluftsfolk. I 1869 var dei inne på fjellet vest for det noverande Nåvatnmagasinet, ved nokre mindre vatn i nærleiken av det som den gong var grensa mot Lister og Mandals amt. I kanten av ein bekk kom dei over ein pilspiss av flint, og på ei strand låg eit anna stykke, ei flekke, av same slags stein. Schübeler sendte funna til Kristiania, der dei vakte stor merksemd blant arkeologane på den tida – ettersom flintgjenstandane var «fundne høit til Fjelds».

Sidan har fleire slike funn kome for ein dag i Åseral, dei fleste av dei ved vatn og vassdrag i hei og fjell. Dei skriv seg frå buplassar som vart nytta i steinalderen, og nokre av dei har og vorte undersøkte nærmare av arkeolarar. Det gjeld buplassar ved Gyvatnet, ved Nåvatn og langs Kosånassdraget, samt ved Egsåvatnet og ved Ljoslandsvatnet.

Dei eldste av desse buplassane er om lag 7000 år gamle. På det tidspunktet hadde kystområda vore isfrie i fleire tusen år. Dei som nytta buplassane i fjellet, budde neppe fast i innlandet. Buplassane har vore leirplassar i samband med jakt på villrein, og jegarane har utanom jaktseasonen hatt tilhald i kyststroka. Talet på buplassar er stort der ein har gjennomført større registreringar – ved Nåvassmagasinet er det registrert rundt 40 stykker, og før neddemminga trur ein at det kan ha vore mellom 100 og 200 buplassar i dette området. Dei arkeologisk undersøkte buplassane syner at buplassane gjerne har vore sporadisk nytta, og det kan ha gått mange år mellom kvart besøk.

Andre stader i Setesdalsheiane har ein funne spor etter sjølv reinsjakt i form av dyregraver, ledegjerde og bogastelle som er mange tusen år gamle.

I hovuddalføret, og sør i kommunen, slik som i Kyrkjebygd og elles rundt Øre, er det få kjende spor etter steinalderjegarane. Det kan vere tilfeldig, for her ville dei ha hatt tilgang til ulike ressursar som elg- og hjortedyr, småvilt, fuglar og fisk.

Overgangen frå eldre til yngre steinalder heng saman med innføringa av jordbruk og husdyrhald i låglandet om lag 4000 f.Kr. Dei arkeologiske spora etter jaktoppchalid i fjellet held fram lenge etter denne overgangen, berre med den skilnad at reidskapskulturen no har vorte ein annan. Til dømes finn ein fragment av dei slipte flintøksene og etter kvart òg dei flatehogde dolkanane og sigdane av flint frå jordbrukskulturen på jaktplassane i innlandet.

Vi har også eit funn utanom det vanlege av to steinøksar frå jordbrukskulturen, men det er uvisst om dei faktisk syner at det fanst menneske som dreiv jordbruk i Åseral alt i yngre steinalder. Begge øksene vart nemlig funne i Sosteli, ei i ein gravhaug og ei i ei hustuft, og dei har truleg havna der først i jernalderen – noko slikt som 3500 år etter at dei vart laga. Desse øksene må ha vore verkelege antikvitatar då dei vart lagt i jorda.

Enn så lenge veit vi altså ikkje når jordbruket kom til bygda, eller når dei sesongvise jaktoppchalda av folk frå kyststroka stogga, men truleg skjedde det store endringar i løpet av bronsealderen og den eldste delen av jernalderen. Frå Solbu ved Svartevatn har ein gjort pollenanalyse som syner at det fanst beitedyr i området i bronsealderen. Undersøkingar i Sosteli syner at skogen der vart rydda omkring Kristi fødsel, men at ein alt før dette var i gang med noko åkerbruk på staden.

GRAVHAUGAR OG GRAVFUNN

Gravhaugane frå jernalderen er eit tydeleg teikn på at mange av gardane i Åseral hadde vorte busette i folkevandringstida (350-550 e.Kr.). Gravhaugar har vi fleire stader i kommunen. I Kyrkjebygd syner mindre og større grupper av gravhaugar, nokre bevarte og andre for lengst utsletta, at busetnaden har vore større og meir kompleks enn i området elles alt i jernalderen. Mange av dei kjende gravfunna kjem også frå haugar i Kyrkjebygd. Dei skriv seg dels frå folkevandringstida, og dels frå vikingtida. Namnet Åseral, som seinare har vorte bygdenamn, er nok i utgangspunktet eit namn som berre omfatta Kyrkjebygd. Namnet tyder noko slikt som «heilagdomen til guden Tor», og understreker at det religiøse sentrum i bygda låg ved nordenden av Øre alt i jernalderen.

Einskilde gravhaugar eller mindre grupper av haugar finst eller fanst tidlegare på gardar som Håverstad, Eikil, Torsland, Handeland, Nordgarden og Tveit. Til skilnad frå stroka nærare kysten, men på same viset som i Setesdal og andre innlandsområde, har dei fleste gravminna vist seg å vere frå vikingtida, medan det er folkevandringstidsfunna som er i fleirtal lenger sør.

Gravskikken og gjenstandane som er lagde i gravene, skil seg ikkje frå det ein finn nærare kysten, og her er òg gjenstandar som syner at folk i Åseral har vore del av eit kontaktnettverk med forgreiningar langt ut over eiga bygda. Det gjeld i nokon grad funna frå Sosteli, men og til dømes eit grønt glasbeger, truleg av kontinentalromersk fabrikk, frå ei grav i Kyrkjebygd.

Glasbegeret fanst saman med eit par knivar av jern og eit bryne i ein gravhaug «som Præsten Schübeler ofte hadde talt om at lade udgrave».

Nokre stader finn vi gravhaugar på stader der det ikkje har vore fast busetnad i historisk tid. Sosteli er det mest kjende dømet, men slik er det og på Seldal under Røyseland, Nesland under Breland og Øygarden under Forgard. Desse områda har nok vore busette ein gong i tida.

Vi har også einskilte funn som kan vere frå graver, utan at ein kan seie det sikkert. Det gjeld til dømes ei øks som var funnen under ei steinhelle under arbeid på Byvegen omkring 1840. Finnar var Olav Nilsson Kittelstad (f. 1818), og han tykte at øksa var i så god stand at han sette skaft på ho og nytta ho til å hogge kvernsteinar med på Kittelstad i mange år.

Nokre røyser ligg inne på heia og på høgdedrag, langt frå område som har eigna seg for jordbruk. Slike røyser har vi på Kylland (Falkefjedd) og på eit fjell mellom Mjåland og Sveindal. Kan hende er det tale om gravrøyser, men utan nærmare undersøkingar er det ikkje mogleg å seier kor gamle dei kan vere.



Armring av bronse frå vikingtida, funnen i ein gravhaug på Austrud. Foto: Kulturhistorisk museum.



Arkeologisk registrering i Skjerka. Dei ulike jordlaga kan gi viktig informasjon om bruken av områda i tidlegare tider. Foto: Fylkeskonservatoren/Vest-Agder fylkeskommune.



Anders Hagen fremst. Bak ser ein Svend Jørgensen frå Nationalmuseet som tek ut pollenprøver. Foto: Nationalmuseet

SOSTELI

I tida etter Kr.f. var busetnaden i Åseral tettare enn i vår eiga tid, og høgtliggande plassar som i dag er dekte av skog og lyng, var busette. Spora etter øydegardane frå den gong har folk visst om i lang tid. «Her er paa flere Steder Spor til en større Beboelse i Fortiden,» skrev til dømes Jens Kraft alt i 1845 om Åseral. Kraft var topograf og mangeårig sorenskrivar i Mandal. I nokre tilfelle er det berre stadnamna som fortel om at det har ligge ein jernaldergard på staden: I utmarka på Breland finn vi forutan nemnde Nesland, også Høneland, Våland og Liland, slik at i dette området er det ei heil lita grend som er borte.

Garden i Sosteli, oppe i lia vest for Kyrkjebygd, hadde vore forlatt i mange hundre år, men aldri gløymt. Under 2. verdenskrig målte lærer Tarjei Liestøl opp dei synlige hustuftene i Sosteli, og sendte rapport om staden til Oldsaksamlinga i Oslo. I 1946 besøkte arkeologen Anders Hagen Sosteli for første gang.

Han forstod raskt at Sosteli var ein lokalitet med store moglegheiter – her var ikkje berre godt bevarte hustufter av ein type som fram til då kun var kjent på Lista og Jæren, men og rudningsrøyser og andre spor etter dyrking. Øydegardsanlegget består av fleire hustufter, den største omlag 45 m lang, åkrar, gjerdesystem og gravminne. Sosteli vart arkeologisk undersøkt under leiing av Hagen i 1947-1949, og er framleis ein nøkkellokalitet innanfor nordisk busettingsarkeologisk gransking – og ein av dei best bevarte gardane frå jernalderen i Europa.

Hagen, og mange med han, meinte at garden i Sosteli kun var busett i eit par hundre år i folkevandringstida. Men nyare undersøkingar, først og fremst basert på pollenprøver som arkeologane henta ut frå ei myr i Sosteli i samband med utgravingane, syner at området vart rydda og garden etablert alt i eldre romersk jernalder, dvs. kort etter Kr.f. I pollendiagramma ser vi at det på denne tida skjer ein drastisk nedgang i mengda av pollen frå trær, medan graspollen og pollen frå andre beiteindikatorar vinn fram. Noko seinare finst kornpollen for første gong, frå bygg og kveite/havre.

Den intensive dyrkingsfasen heldt fram til midt på 500-tallet e.Kr. Det vil seie at det budde folk på garden i Sosteli i nærare 500 år, gjennom heile romartida og folkevandringstida. Truleg vart garden i Sosteli etablert like tidleg som mange av gardene nede i Kyrkjebygd – og han var i drift like lenge som mange av dei.

Men rundt 550 e.Kr. syner pollendiagramma at situasjonen har endra seg. Skogen kjem att, og grasmark og beiteland er på vikande front. Noko har skjedd, og det er ikkje lenger folk i Sosteli. Anten årsaka no var sjukdom, krig, uår eller andre ting. Men denne øydefasen varar ikkje lenge, berre kring 50 år.

Kring år 600 vart Sosteli igjen brukt som gard, men med ein litt annan økonomisk tilpassing enn tidlegare. For medan korndyrking hadde vore det sentrale før øydelegginga, vart det no større vekt på husdyrhald. Det kan tyde på at det hadde oppstått ei ny form for arbeidsdeling mellom gardar og bygder, der område med spesielt god tilgang på beiteland



Sosteli. Foto: Peder Austrud

prioriterte husdyrhold og produksjon av husdyrprodukt i større grad enn før.

Heilt på slutten av vikingtid, kring år 1000, syner eit drastisk fall i mengda av graspollen at Sosteli ikkje lenger var busett. Frå da av dominerte bjørkeskogen i området, og først nå var Sosteli ein øydegard, etter (nesten) kontinuerleg drift i borti-mot 1000 år.

Men hustuffer og andre kulturminne viste tydeleg at det ein gong hadde budd folk på staden, og framleis på slutten av 1600-talet kunne åslands- og gardsmennene tale om «den ødegaard kaldet Sostelien».

Sosteli ligg langs ein gamal ferdelveg over til Eiken, dvs. at garden har vore godt plassert for å utnytte ressursane i utmarka, og at til dømes jernvinna truleg har spilt ein viktig rolle for folk i Sosteli. Det er funne spor etter jernutvinning av myrmalm fleire stader i kommunen, dei fleste langs Skjerkavassdraget. I motsetnad til område lenger nord og aust, i Bykle i Setesdal og i Vinje i Telemark, der jernvinna var på det mest intensive i vikingtid og mellomalder, syner undersøkingene i Åseral og i indre Agder elles at den store jernutvinninga gjekk føre seg i romertid og folkevandringstid.


Spådom

Dei gamle sa at det er spådd at Austrud skal brenne tri gonger. Det har brent der to gonger til no.

- Lokaltradisjon Åseral -



Beltesteinen, fiskesøkket og spinnehjulet blei alle funne i langhuset i Sosteli. I dag kan du sjå dei i utstillinga på Minne kultursenter.



Oversiktskart som viser registrerte kulturminner og staden det blei henta ut pollen.



Åknes kapell til høgre i bildet . Foto: Knut Åknes

MELLOMALDEREN



Altartavla i Åknes. Laga i 1873 av Lars Svenson Juvasstøl og høyrer med til noko av det vakreste i norsk byggekunst. Foto: Maren Holte

KYRKJER OG KRISTENDOM

Kristendomen kom tidleg til Agderkysten, medan det er meir uvisst om han nådde til Robyggjelaget fullt så tidleg. Frå Setesdal har ein det ein meiner er heidenske gravar frå langt ut på 1000-talet, medan slike gravar forsvinn frå kystbygdene hundre år før dette. Samstundes syner ein runestein frå Evje at det fanst kristne «fjellmenn» på byrjinga av 1000-talet.

Etter kvart kom det minst to kyrkjer i Åseral – i Kyrkjebygd (Åbø) og på Åknes ved Lognavatn. Kyrkja på Åbø er omtala i ei kjelde frå 1327, saman med eit kapell som truleg er den kyrkja som stod på Kyrkjevodden på Åknes. Den siste er elles berre kjend gjennom arkeologiske undersøkingar, som synte at det var tale om ei lita stavkyrkje (stolpekyrkje). Ho er datert til kring 1200 eller noko før. Åbø kyrkje stod truleg på same staden som dagens kyrkje i Kyrkjebygd. Kyrkjegarden hadde tidlegare rundaktig form, noko som peiker tilbake til tidleg kristen tid. Kring 1920 vart det gjort eit funn frå mellomalderen på kyrkjegarden; ein fann ei beingrind frå menneske saman med eit lite beger av bronse, ein gravkalk. Slike beger vart lagt ned i grava til prestar og andre geistlege.

Elles fortel segner om andre, forsvunne kyrkjer, slik som på Hedderen ved Juvatn, og på Saurbu noko lenger nord (i Bygland kommune). Kan hende peiker eit namn som Kjørkeneset på Breland óg mot ein tidlegare kyrkjestad. Det er ikkje mogleg å avgjere i dag om det faktisk har vore kyrkjer på desse stadene, men vi skal hugse at fram til den arkeologiske undersøkinga på Kyrkjevodden hadde og kyrkja på Åknes status som segn-kyrkje. Frå andre innlandsområde veit vi at private gardskyrkjer var vanleg, på same viset som på Island, og slik kan det gjerne ha vore i Åseral og.

Med dei første kyrkjene kom og soknet som ei ny – og viktig – ramme for folks liv.

Mellomalder-kristendomen skilde seg på fleire område frå den lutherske kristendomen i dag. Særleg gjaldt det helgendyrkinga, og ikkje minst var Heilag-Olav viktig. Folketradisjonen var oppteken av helgenkongen i lang tid etter at dei andre, små og store, heilage kvinner og menn gjekk i gløymeboka etter Reformasjonen på 1500-talet. Det er symptomatisk at vi ikkje lenger veit kva for helgenar kyrkjene på Åbø og på Åknes var dedikerte til i mellomalderen, medan det framleis florerer med segner om Heilag-Olav i kommunen.

Der den gamle Futevegen frå Kyrkjebygd og ytre delen av Åseral går langs Egsåvatn austover mot Hornnes, låg tidlegare ei jettegryte. Ho vart kalla St. Olavs brunn, og det vert fortalt at ein gong helgenkongen kom ridande denne vegen, vart hesten hans tyrst. Olav ordna difor med denne brunnen på snaue berget. I nærleiken av Handeland ligg St. Olavs bord, som kongen nytta til matbord på same ferda. Heilag-Olav skal òg ha sigla inn i Skiphedderen ved Øre, og kom ut i Nidaros!

Andre kulturminne som i mange døme må vere frå mellomalderen, er byttesteinar og andre grensemerke mellom gardane. Eit døme er varden Hotten mellom Åseral og Eiken. Den syner soknegrensa, og er samstundes «endestav» for gardane Åsland, Førgard og Nøklund. Et anna er Knaberøysa, som er grensepunkt mellom Åseral, Eiken og Fjotland.

Åseral er og har vore eit typisk sjølveigar-område, på same vis som ein del andre innlandsdistrikt. Medan gode høve for jordbruk og overskotsproduksjon førte til at store godseigarar som kongen, biskopen og andre kyrkjelege institusjonar i Stavanger skaffa seg gardar i kyststroka, var dei aller fleste gardane i Åseral i bondeeeige.

Kommunen vår er i ei særstilling når det gjeld bevarte bygningar frå sein mellomalder. Dei eldste bevarte bygningane er bura i Lognavassbygda (Skraddarburet, Espelidburet og buret på Kyrkjevodden) og på Ljosland (Svensstova, Torgeirstova og Jensstova).

INNLANDSKULTUREN VEKS FRAM

Frå gamalt gjekk ferdselsårene mellom Åseral og omverda først og fremst aust-vest, over heiane til andre innlandsbygder, og i mindre grad utover Mandalen. Desse sambanda på tvers prega likeeins Setesdal og bygdene i øvre Telemark, og batt innlandsbygdene saman i eit kulturelt fellesskap med nokre av dei kjenneteikna som dei topografiske forfatarane peikte på då dei «oppdaga» innlandskulturen på 1700-talet.

Fleire vegar førde frå Åseral og over til nabobygdene. Frå Lognavatn gjekk Nordmannsvegen over Prestvorheia til Skomedal i Bygland, der han møtte en annen veg vidare til øvre Setesdal eller utover dalen.

Futevegen gjekk frå Kyrkjebygd om Egsåvatnet til Hornnes. Der heldt futen til, medan skrivaren budde på Klepp, og det var desse to som styrde med rettsvesen og skatteinnkrevjing i Åseral. Vegen vart nytta av åsdøler som skulle til «Austlandet»,



Åseral kyrkje. Foto: Tor Olav Rydlene



Ljosland kapell. Foto: Ann Kristin Tollefsen



Åknes kapell. Foto: Odd Helge Liestøl



Fleire prestar samla i Åknes. Foto: Knut Åknes



Eit varp langs gamle byvegen. Foto: Ann Kristin Tollefsen



Langs Futevegen. Foto: Kari Røynlid

og av dei som skulle til Hornnes ting. Det var om Futevegen sorenskriverfullmektig Chr. Weidemann Rieck skreiv følgande ord:

«Til venstre for Hoveddalen gaaer Thingveien til Aaseral fra Uleberg i Hordnæs gjennom Ur og Steen næsten lodret op i Veiret. Man har ofte beundret Fluens Vandring på Stuens Væg; men ved at see de smaa Fjeldheste ufortrødent og sikkert i en Strækning af mindst en halv Fjærding at arbejde sig op igjennem den næsten lodrette Sti, eller rettere sagt en Revne i Klippen der sigter lige op mod Himlens Blaa, og som er opfyldt med løse Rulle-Steene, der ruse ned ved hvert Slag af Hestehoven, bliver man næsten overbeviist om, at disse Heste maa have laant noget af Fluens Natur.»

Dessutan var det rideveggar frå Kyrkjebygd over Sosteli til Eiken, og mellom Brelandsdalen og Knaben og vidare til Tonstad.

Så lenge Åseral høyrde til Bjelland prestegjeld, måtte Bjellandspresten halde gudsteneste i Åseral, og det gjekk rideveg mellom Bjelland og Kyrkjebygd. Kring 1840 var det bygd «køyreveg» over Bygdehei, men den nye Byvegen var ikkje noko å skrive heim om. Sokneprest Schübeler i Åseral fortalde frå ei ferd etter Byvegen at han ein gong møtte ein gamal åsdøl med hest og oppakning i ei bratt kleiv:

«Manden gik krumbøiet og saa meg ikke. Han var bøiet under Vægten af en Kornsæk, som han hadde paa Ryggen. Just da jeg nærmede mig, standsede Hesten og dermed ogsaa Manden. Med et tungt Aandedrag satte han Sækken langsomt paa Læsset og sagde til Hesten: «Nei æg kan ikke meire, Vennen min! naa lyt du drage sjave.»

I Setesdal finn ein óg at sambandet på tvers var viktigare enn kontakten sørover til Sørlandskysten. Ei bygd som Bykle hadde tradisjonelt utstrakt samband med Vinje i aust og Suldal i vest. Frå Valle, Hylestad og Bygland gjekk trafikken helst til Fyresdal og Tovdal, medan «Skinnevegen» førde frå Brokke i Hylestad og Berg i Valle vestover til Lysefjorden. Fleire stader var det dessutan faste marknader der dølar, «nordmenn» og «austmenn» møttest. «Nordmenn» var folk frå fjorddistrikta på Vestlandet, medan telemarkingar og numedølar vart kalla «austmenn».

Til disse «opplandsmarknadene» kom gylendingane frå vest. «Dei hadde handla med spit fraa Ævorleg Tid,» skriv Olav Bø. Ofte reiste dei heilt til Skien og Ulefoss. Frå aust kom mellom anna tinndølane med smedvarer. Like frå Hardanger kom folk: «Harangjen å hestelorten æ adde sta», heiter det i eit gammalt ordtak frå Setesdal. Sirdølane dreiv som hardingane med hestehandel, og det hende at åsdølane før heilt til Røldalsmarknaden for å kjøpe hest. Setesdølane kjøpte ungdyr og selde dem til «austmennene» når dei var vorte vaksne. På Sagneskar i Valle var det også stor marknad, medan Hornnes ting óg var ein marknad som drog folk frå eit vidt omland:

«Der var Nordmänner og Austmänner, der var Aasdølar og Sætesdølar og Vestmänner, Bjellendingar og Ivelendingar og Evdølar.»

Ferdslømønsteret kunne gje dei øvre bygdene ein nokså sentral posisjon innanfor dette utstrakte innlandsområdet. «Honnes ligg'e midt i Vøre («Vøre» = verden) sa ein setesdøl.

Gjennom slike nettverk vart óg åsdølane knytt til ein eins fjellbonde-kultur, som kom til å skilje han frå låglandsbonden. Medan låglandsbefolkninga var bunden til garden og førde eit meir stabilt tilvære, var fjellbonden sitt liv knytt til utnytting av store areal. Han var heile tida i rørsle, på ferd over fjellet – han var jeger, kramkar, driftekar og hesteoppkjøpar.

Fram til samanbrotet i økonomi og infrastruktur på 1300-talet (Svartedauden) vart eit breitt spekter av utmarksressursar utnytta i det innlandsområdet som Åseral høyrde til, og området var del av eit overregionalt utvekslingsystem, der mellom anna jernvinna og fangst av elg og rein var viktig. Overskotet frå denne verksemda vart i lange periodar investert i ein prestisjeprega materiell kultur som understrekte oppendingane sitt ønske om og trong til kulturell sjølvhevdning – som bur og høge loft, draktutstyr og anna.

SKRADDARBURET

Dei karakteristiske lofta, bura, som dei kallast i Åseral, er eit godt døme på denne prestisjeprega materielle kulturen. I dag er det først og fremst i dei øvre delane av kommunen at ein har bevart slike bur, dvs. i Lognevassbygda og på Ljosland. Buret var ein av dei viktigaste bygningane på garden. Det var i denne bygningen det vart lagra matforsyningar og klede. Etter Gulatingslova hadde ein rett til å drepe ein mann som vart teken i å stele frå buret.

Skraddarburet i Austegard er den eldste profane trebygningen i Vest-Agder; den nedste høgda er årringsdatert til 1520-åra, medan den andre høgda var tilført på 1600-talet ein gong. Skraddarburet har namn etter Knut Nilssøn Mørk eller Knut Skraddar, som det vart fortalt ei heil søge om i Åseral og nabo-bygdene.

Skraddarsoga fortel om Knut som i ung vart sendt frå Danmark til ein onkel i Bergen, der han gjekk i skraddarlære. Han skal ha jaga nokre tjuvar heilt nord til Vardø, og for lønna han fekk frå kongen for å ha fakka desse tjuvane, kjøpte han Austegard og mange andre gardar i Åseral.



Torjus Breland sit på trappa til Skraddarburet. Foto: Åseral kommune

SKRADDARSOGA – UTDRAG

Um morgonen tok Knut oppigjenom til Lognevatnet, og kom til Austegarden. Der var det sju bønder. Han tok inn til ein av dei, sette staven sin i forstova og sa:

*«Her set eg min stav
her skal eg liva
mang ein god dag»*

*Då han kom inn, lagde han hatten på
bordet og sagde:*

*«Her legg eg min hatt
Her skal eg kvila
Mang ei god natt»*

Han kjøpte tri bruk med det same.

Då Knut skraddar var død, og dei skulde fara til jordar med liket, vilde inkje hestane draga han. Dei stod som steinen. So sprette dei fyre ei svart merr. Ho spente tri gonger i kista og kneggja tri ljod og la so til med han. Men ho vilde inkje draga han lenger enn til bytet med Rosseland, til Urdehagen dei kallar. Der laut dei jorda han ned. Der var der ei grøn deke med ein sandfleck, som ei grav på storleiken. Det var gravi til Skraddaren.



Stakk-sneisæ, som vat stød i høy-stakken står naken att. Høyet er flytt over på sleden. Foto: Anna Grostøl

JORDBRUK, STØLSLIV OG ARBEIDSVANDRINGAR



Heieslått. Foto: Åseral kommune

Det tradisjonelle livsgrunnlaget for dei aller fleste åsdølar var sjølvsgagt jordbruket, men naturforholda gjorde at balansen mellom den dyrka jorda og ressursane i heia vart annleis enn i meir typiske jordbruksbygder, og at ein måtte kombinere jordbruket med andre næringar.

I gamle dagar vart så å seie heile innmarka nytta til åker. Schübeler skildra korleis til dømes Kyrkjebygd var som ein einaste stor kornåker på hans tid, men at det likevel ikkje vart nok korn til å fø alle dei som budde der.

Gardsdrifta var i stor grad basert på kjøtproduksjon. Det gjaldt å halde flest mogleg husdyr i live gjennom vinteren, og dyra vart så sendt på sumararbeite i heia. Om hausten vart store flokkar førde til byane og selde som slakt. Kjøp og sal var på denne måten ein viktig del av fjellbonden sitt næringsgrunnlag.

Denne verksemda går langt attende i tid. Peder Claussøn Friis skreiv for meir enn 400 år sidan at fjellbøndene «holde oc megit Fæ oc Queg, aff huilcket de hafue Slacter, huder, Skind, Smør, Talk, oc andet saadant nyttigt».

HEIESLÅTT

Når våronna med kornsåing og i seinare tid potetsetjing var unnagjort og ein var komen til håballen (tida mellom våronn og slåttonn), drog heile hushaldet på heia med buskapen. «Der låg da grannane samstundes og hadde gilde feriedagar med litt småarbeid som kunne vera lagleg å få unnagjort, medan ku og geit gassa seg i det feite fjellgraset og gav godt i bytta morgon og kveld», skriv Olav Leirvik.



Olav Endresen Smeland kjem frå høy-skog i 1945. Foto: Anna Grostøl

Det er særmerkt for denne delen av landet at stølane vart drivne som «fullseterbruk», det vil seie at stølane vart drivne som sommargardar for heile familien med alt sitt heimekrøter, fyrst og fremst for å slå høy for vinteren.

Alle gardar hadde sine heieslåtter. Når slåttonna heime var unnagjort, for folk på heia og slo der. Høyet vart lagt i buer eller satt i stakkar, som så vart køyrt heim på vinterføre. Driftsmåten ein nytta, gjorde at fjellbonden var heilt avhengig av heieslåtten. Ein artikkel om Åseral i «Dagbladet» i 1875 tok høvet mellom svelteforinga og slåtten på kornet:

«Til Kjørene og Smaafæet maa hele Vinterbjergingen samles møisommeligt oppe paa Heiene, hvor det sparsomme og daarlige Græs indbjerges enten i smaa Lader eller sættes i Stakker... Der er Slaatter nok og Heiene er vide; det kommer an paa at slaa saa langt man rækker; jo mere Aasdølen slaar, desto flere Naut kan han livnære Vinteren over; og desværre: for Aasdølen er det vigtigste at føde Vinteren over de flest mulige Fæ.»

VEIDING

Fiske i vatna på heia var og viktig. Peder Claussøn Friis fortel frå Robyggjelag i byrjinga av 1600-talet:

«De som boe langt op till-fieldz fraa Siøkanten de haffue stuur Hielp aff den Fisch Ørred, oc drage de hen udj stuur Haaber thill dj store fersche Siøer oc Vande, som ligge i de store Vilt-nisse paa dj store Øde-field, oc der ligge dj udj Fischerie om Sommeren udj nogen Uggers-Tijd oc fische Øred, oc en Part tørche dj oc en Part salte dj till dieris Vinter-kost.»

Hr. Peder skriv også om veiding:

«De hafuer oc stor Hielp aff Vildt, som de skiude, saa som Elgsdiur oc Rensdiur, Hiorte oc Hinde, oc atskillige Slags Skougsfugle, til deris Føde oc Underholdning; de hafue oc stor Gavn aff Biørnens oc Vlfuens, Los oc Maards, Refuers, Felefrodz, Otters, Befuers, Egerens oc Hermelins Skind, som de skiude oc veide oc selge ved Siøkanten.»

I seinare tid var det spesielt snarefangst etter rype som var viktig, ikkje minst for mindre bruk som ikkje hadde nok skog til at det gav vinterarbeid. Schübeler peikte på at det særleg var «Ungdommen, som om Høsten vender tilbake fra sin Arbeidsudflugt», som fanga rype:

«Man maa dog ingenlunde tro, at det er nogen Fornøielsestur hveranden Dag at lægge afsted op paa «høgste heia» paa Rypefangst. Rypefangeren maa da først op af Fjeldsiden, som er 1000 til 1500 Fod over Dalbunden og saa indtil 1 eller 1 ½ mil ind over Fjeldet. Men derved faa disse Folk ogsaa en mærkelig Færdighed i at gaa paa Ski, og dette kan ogsaa tiltrænges paa de høiest liggende Heigaarde, som have Sne mindst 7 Maaneder af Aaret. Følgen heraf er, at der aldrig bliver nogen banet Vei om Vinteren fra os ikke Skiløbere, da alle, Store og Smaa, selv husimellem gaa paa Ski.»



Reinsjakt i Brelandsheia, ca 1928. Bilde: Åseral kommune



Eirik Røysland viser fram rypesnare. Foto: Minne Kultursenter

ONNEARBEID OG ARBEIDSVANDRINGAR

Dei «arbeidsudflugtene» som Schübeler siktar til, har og vore sær viktige for åsdølane. Etter å ha fortalt lesarane av «Morgenbladet» om kor heimekjære åsdølane er, og at dei difor neppe nokon gang vil utvandre til Amerika (!), fann han det påkrevd å legge til at dei ikkje av den grunn «sidde stille og roligt hjemme». Tvert imot var åsdølane på hans tid «Christianssands Stifts Savoyarder».

«Savoyarder» var innbyggjarane i Savoien, en fjellregion i Sør-Europa som i dag er delt mellom Italia og Frankrike. På Schübeler si tid var savoyardene kjende for sine årvisse arbeidsvandringar; unge kvinner og menn som kvar vinter drog frå høglandet for å søke arbeid i låglandet og vendte attende når snøen smelta på våren. Desse vandringane tente til å lette trykket på ressursane heime, og migrantane kom heim med pengar som trongs for å betale skattar og avgifter.

Schübeler skriv:

Hver Vaar udvandre «Lauskarene» og for en Del ogsaa de fattigere Gaardmænd, nogle «nordover» til Stavanger, andre ned til Byen d.e. Christianssand, og atter andre «østover» til Arendal. Om Høsten vende alle disse tilbage igjen for at fortære Fortjenesten hjemme, thi som sagt intetsteds er det saa godt som i Hjemmet.»

På 1800-talet fekk ein og barnevandringane og tenestejentevandringar. Dei sesongvise vandringane spelte ei viktig rolle for folk i Åseral.



Tunnel-svingen før Kyrkjebygd. Den fyrste tunnelen på Sørlandet. Foto: Knut Åknes

ENDRINGAR PÅ 1800-TALET



Ved Staven. Linddalen. Hornnes. Setesdalen. Eneret. A.A

Ved Staven i Linddalen, vegen frå Hornnes til Åseral

MANDALSVEGEN OG SETESDALSBANEN

I oktober 1878 kunne «Fædrelandsvennen» melde følgende:

«Et nyt Hovedvei-Anlæg af megen Interesse for de paagjældende Distrikter er i September Maaned bleven færdig, nemlig den nye Aaseralsvei, der gaar fra Homme i Mandalsdalen til Ørenvand i Aaseral, og som endelig har aabnet den afsidesliggende Bygd en lettet Kommunikation med Yderverdenen.»

Den nye dalevegen innleidde eit nytt kapittel i bygdesoga, og var resultatet av ein lang politisk kamp som mellom anna bondehovdingen Søren Jaabæk hadde stått i spissen for. Det nemnde stykket av sokneprest Schübeler i «Morgenbladet» hadde nok først og fremst vore folkeopplysing, men kan og oppfattast som ein del av propagandaen for ein ny køyreveg. Agronomen Johan Lindeqvist, som vitja området endå nokre år tidlegare, merka seg at tanken om ein ny og betre veg ut til kysten var det viktigaste samtaleemnet øvst i dalen alt på det tidspunktet.

Arbeidet med vegen tok til i 1860-åra, og frå Øyslebø og nordetter vart det brukt dynamitt, som då var eit teknologisk nyhende. Gjennom den siste odden før Kyrkjebygd vart det sprengt tunnel – den første på Sørlandet.

Då vegen frå Mandal stod ferdig stadig lenger opp gjennom dalen og vart det kortaste sambandet til kysten, kom kravet om å knytte Åseral tettare til nabobygdene i sør også i administrativ meining. I 1880 kom vedtaket, og Åseral vart flutt frå Nedenes amt til Lister og Mandals amt.

I 1896 vart Setesdalsbanen bygd ferdig frå Kristiansand til Byglandsfjord, med jernbanestasjon på Hornnes. Då det så kom køyreveg gjennom Dåsvasdalen til Lognavassbygda, vart Åseral óg knytt tettare til Kristiansand.

LOKALT SJØLVSTYRE

Byar som Kristiansand og Arendal hadde sin borgarrepresentasjon og sine «eligerede» menn, men på bygdene var det lenge lite av slikt. Utover på 1700-talet vart det imidlertid innført ordningar som i nokon grad peikte i retning av lokalt sjølvstyre også utanfor byane. Det gjaldt til dømes ordninga med omgangsskuler (1741) og innføringa av fattigkommisjonar (1786).

Etter mykje diskusjon vart så formannskapslovene vedtekne i 1837. Desse lovene innførte lokalt sjølvstyre i heile landet, ved at dei eksisterande prestegjelda vart utgangspunkt for nye formannskapsdistrikt.

Åseral kom då i ein spesiell situasjon: På det tidspunktet var Åseral framleis eit annexsokn til Bjelland prestegjeld, men var skilt frå hovudsoknet av ei amtsgrænse. I verdsleg forstand tilhørte jo Åseral på den tida Hornnes tinglag i Nedenes amt. Ein måtte derfor opprette eit eige formannskapsdistrikt berre for Åseral, som på det viset vart eigen kommune. I 1856 vart Åseral dessuten frådelt Hornnes som eige tinglag.

HUNGERSNØD OG UTVANDRING

Alt i 1790-åra hadde det vore matmangel i Åseral, og fogden hadde overtydd bøndene i bygda om at dei burde skipe eit kornmagasin. Pengane kom frå kongen si kasse, og magasinbygningen, som romma 400 tønner korn, vart oppført ved kirken av Aanon Aanon Olsen Østgaarden og Aanon Aanonsen Reiersdal. Kornmagasinet hadde kome godt med i dei vanskelege åra under Napoleonskrigane.

Åseral hadde ca. 860 innbyggjarar i 1665, og i 1801 var talet ikkje auka til meir enn 1016, og så var det ein liten tilbakegang under dei vanskelege krigsåra fram mot 1815, då innbyggjartalet var 1005. Men så steig det jamt frametter 1800-talet: I 1825 var det 1201 innbyggjarar, i 1845 1399 og ved overflyttinga til Lister og Mandals amt i 1875, 1447. Eit synleg resultat av auka var at gamlekyrkja vart riven og ei ny og større bygd i Kyrkjebygd i 1822. Folkeauka førte til at all jord vart utnytta; slåttemarkar kunne ein finne mest over alt, og innover heia og fjellet låg stølane tett. Eit anna resultat var ei kraftig oppdeling av gardar og bruk.

Det vart også fleire husmenn og eigeidomsause (tjenarar, dagarbeidarar), og mange stader i kommunen fortel tradisjon, stadnamn og hustuffer om småplassar som hadde fast busetnad på 1800-talet. Noko stort husmannsvesen fekk ein imidlertid ikkje i Åseral. Folketeljninga frå 1865 viser at det då var noko slikt som 25 hushald som vart klassifiserte som husmenn i kommunen; dei aller fleste i Kyrkjebygd og på gardane opp etter Austredalen.

Sokneprest Schübeler hadde jo i 1861 forsikra lesarane av «Morgenbladet» om at åsdølane neppe nokon gong ville emigrere, ettersom dei var så glade i dalen sin. Men mangelen på jord, overskotet på arbeidskraft og teknologiske endringar i jordbruket andre stader gjorde at dei tradisjonelle, sesongvise vandringane til åsdølane ikkje lenger kunne balansere den lokale økonomien, og mange utvandra for godt. Fram til 1. verdskrigen drog over 1000 menneske frå Åseral til Amerika.

Avlingane hadde slege feil både i 1859 og 1860. Kornet hadde ikkje modna, og folk måtte hauste det medan det var grønt. Dessutan hadde småfe og storfe både i Kyrkjebygd og ein del andre stader vore ramma av skabb. Resultatet var matmangel og naud i bygda. Bakgrunnen for Schübelers skrivi i «Morgenbladet» var ikkje først og fremst å gi ei «eksotisk» skildring av livet i ei fjellbygd, men å skaffe pengar for å hjelpe dei naudlidne. Presten førte lister over kven som trengte hjelp, og meinte at 500 av dei 1200 innbyggjarane var å reikne som fattige. Og pengane kom, frå heile landet. Over 700 spesiedalar vart samla inn for å avhjelpe krisa i Åseral.

På sjølvaste 17. mai i 1861 fekk han besøk på prestegarden av fem kvinner frå «Fattigdommens Hjem, Gaarden Rødland i Østdalen, 1 ½ Mil nordenfor Kirkebygd»:

«Deres Mænd, de 4 af dem ere Gaardmænd, vare for 4 a 5 Uger siden dragne ud for at søge Arbeide, men man havde endnu ikke hørt noget fra dem, og der sad nu Konerne og Børneflokkene med tomme Hænder.»

Schübeler kunne ikkje hjelpe dei med mat, for han hadde allerede kjøpt og delt ut alt av mat som kunne oppdrivast lokalt, «der var intet mere at erholde»:

«Jeg beklage af Hjertet, at Alt her syntes at staa fast, og hjælpes maatte de, thi de havde blot nogle faa Lever Fladbrød til Børnene hjemme. Med et Smil, jeg ikke let glemmer, udbød den ene av Konerne: 'Aa Far! Kan I skaffe Penge, kan vi gaa til Hordnæs efter Mad!... I skulde have seet den Scene, som nu paafulgte. I skulde have seet disse 5 Mødre gaa bort saa usigelig lykkelige ved at skulle bære hjem et Kvarter Rug. I skulde have hørt deres Tak og deres Glæde! Men betænk det I, som selv ere Mødre, disse Mødre glædede sig ved at skulle bære et Kvarter Rug 4 Mil over høie, bratte Fjeldsidenn og paa ubanede Veie. Tænk Eder en saadan Anstrængelse!»

21. mai kunne Schübeler fortelje at han same dag hadde sendt 200 dalar til kjøpmann Kirsebom i Kristiansand til innkjøp av korn, og at han hadde «sendt Bud om i Bygden for at faa en hel Karavane afsted etter dette Korn.»



Minne kultursenter ved Tor Reidar Austrud kjem sumaren 2020 med ein dokumentarfilm om utvandringa frå Åseral til Amerika.

HAMSKIFTET

Forfattern Inge Krokann kalla dei gjennomgripande endringane som gjekk føre seg i bygdesamfunna i Noreg frå omkring 1850 og framover, for «det store hamskiftet». I løpet av eit par generasjonar vart driftsformene i jordbruket lagt om, dei gamle fellestuna vart oppløyst og den tradisjonelle sjølvbergingsøkonomien erstatta av kjøpevarer og penge-hushaldning.

Ein føresetnad for moderniseringa var utskiftinga av det «skadelige fellesskapet» som embetsmennene i lang tid hadde ergra seg over, altså teigblandinga. Gjennom jordskifte vart kvar enkelt brukar sine teigar samla til større, samanhengande areal som kunne driftast meir effektivt. Ofte resulterte utskiftingane også i at dei tettbygde fellestuna vart oppløyst, og den enkelte bonde fekk samla sine bygningar på eigen grunn, ofte i god avstand frå naboane.

Då agronomen Lindeqvist var i Åseral i 1857, kunne han rapportere at det «i Almindelighed er lidet at bestille» der for en agronom. Grunnen var at det fantest få einbølte gardar, og «paa næsten alle større Gaarde ligger Jorden i det fordærvelige Fællesskab».

Teigblandinga var størst i «den store og vakre Kirkebygd», samt på Smedland, Rosseland, Eikild, Reiersdal, Breland, Røyseland, Ljosland, Fiskland, Madland, Øyuvstad og Kylland, kunne han opplyse. Men tida var snart komen for jordskifte også i Åseral, meinte han:



Turistkart som viser ruta til Åseral turisthotell på Lognavatn.

«Man begyndte nu mere almindlig at længes efter Udskifting, men frygtede for de dermed forbundne Omkostninger, ligesom man troede, at det vilde blive vanskeligt at udskifte saaledes, at Ingens Ret blev gaet for nær.»

Naud og krise kan vel og ha bidrege til at fleire ønska endringar, og nett frå 1860 kom dei store utskiftingane på dei fleste av dei gardane som Lindekvist hadde peikt på. Åsland, Breland, Espeli og Kylland alt i 1860 og Forgard, Smeland, Tjaldal og Ljosland året etter, og så kom Handeland, Madland, Torsland, Nesland, Mjåland og Øyuvstad i tur og orden fram til 1866. Ingen av nabobygdene, og knapt noko anna område på Agder, kunne vise fram noko tilsvarande.

Nå hadde det vore innovative bønder i Åseral tidlegare óg. Fleire åsdølar vart premierte av dei landbrukselskapa som fantes på slutten av 1700-talet. Særleg ivrig var Ånen Andersen Kylland. Han vart lønna med 5 riksdalar frå «Det Christiansandske Oeconomiske Selskab» i 1786 for «i Aarene 1783 og 1785 af øde og udørkket Jord at have oprøddet til Agger et Stykke hvorpaa saaes trefiærendeel Tønde Korn og haves endeel Eng, samt opsat 597 alen Steen-Gierder». Tre år seinare fekk han 8 dalar i premie av Det Kgl. Landhusholdningsselskab i København for å ha anlagt ein steinhage. Andre «premiebønder på denne tida var Ånen Ånensen Reiersdal og Knud Pedersen Breland.

I Kyrkjebygd hadde fleire av namnegardane hatt sine jordstykke i teigblanding. Schübeler skreiv i 1861 om Prestegarden, som hadde vore del av utskiftinga der året før. Prestegarden var på 54 mål jord, «takket være Regjeringens Liberalitet», og bøndene meinte difor at det var den «største prestegarden i landet». Schübeler kunne kontre med at jorda til presten før utskiftinga låg fordelt på mellom 60 og 70 større og mindre teigar over heile Kyrkjebygd. Følgen var at «der aldrig har kunnet være Tale om nogen efter en bestemt Plan ordnet Dyrkning. Alt maatte gaa efter den gamle Maade...»

Det store omskiftet for jordbruk og gardssamfunn i Åseral kom frå kring 1860 og fram til 2. verdskrig. Då hadde jordskiftet gjort slutt på småteigane dei fleste stader, og kvart bruk fekk samla jorda, slik at kvar gardbrukar kunne flytte ut frå dei gamle fellestuna og bygge moderne driftsbygningar på eigne bruk. Samstundes kom grøfting og nye gjødslingsmetodar, og mekaniske reiskapar letta eter kvart gardsdrifta. Hushaldet vart lagt om frå sjølvberging til sal av jordbruksvarer. Med tida kom lokale småmeieri og tok ein del av oste- og smørproduksjonen – mange leverte til Bjelland fløytemeieri, som vart etablert i 1936.

Då dei store fellestuna vart oppløyst, kom det òg inn nye stilimpulsar, som sveitsarstilen, og nye måtar å tenkja hus på. Dei nye husa på gardane var lyse, luftige og store, og dei hadde ofte kjellar til lagring. Fleire av desse store husa finst framleis i Kyrkjebygd, mellom anna i rekkjetunet på Berg.

Gjennom desse endringane vart næringslivet i Åseral modernisert, og ein fann ein ny balanse mellom naturgrunnlag, driftsmåtar og menneske. Men det høge folketalet ein hadde hatt gjennom 1800-talet, var ikkje bærekraftig, og i 1930 var det om lag like mange busette i kommunen som det hadde vore i 1801.

TURISTANE KJEM

«Turisterne have endnu ikke fundet Veien hid, uagtet de Folk ellers pleie at have en fin Næse til at opspore Alt, som er værd at se paa.» skreiv sokneprest Schübeler om Åseral i 1861. «Dagbladet» var ikkje like kategoriske 15 år seinare; då skrev avisa rett nok at bygda låg «udenfor den sædvanlige Turist-rute,» men at «maaske dog Interessen kan blive vakt ved et nærmere Bekjendtskab».

Nett då var imidlertid situasjonen i ferd med å endrast, for turistane hadde oppdaga Åseral i 1870-åra, Fleire og fleire, særleg velstående britar, fann vegen til Åseralsheiane. Dei fiska aure på sommaren, og nokre av dei jakta på rype og villrein på vinteren. Nokre bygde også enkle hytter i heia.

Il 1875 fekk Åseral grundig omtale i boka «Norway: An illustrated handbook for travellers». Forfattere gav eit positivt bilete av bygda, og skildra korleis den reisande kjem til Kyrkjebygd «roande oppover Ørevatn», og kan nyte synet av den buldrande Skjerkefossen før han kjem til den «vakre Kyrkjebygd», der prestegarden spesielt vert framheva. Boka gir detaljerte føresegnar om kor og korleis ein kan leige båt for å komme over vatnet (på Vassbotn, Madland og Fiskland). Den beste staden å overnatte, var hos Knut Austrud. Vidare vert det fortalt om bjørn og andre rovdyr, og det nye kapellet ved Lognavatn og om driftekarane på vestheia, som «lever eit underleg liv oppe på fjellet», der dei bur under hellarar og et vassgraut som vert skylt ned med geitemjolk!

I åra som som fylgde, kom det ein straumm av turistar frå Dei britiske øyane til Åseral, og britiske aviser og tidsskrift var fulle av lovord både om dei gode fiskemoglegheitene og om åsdølane. Innsendaren «A.B.» skrev til dømes til «The Fishing Gazette» (London) i 1893 at han eit par år tidligare besøkte Åseral, og at bygda var «mest som eit sportsfiskar-paradis». Han la til at det heile var utruleg billig, fordi åsdølane «ikke var blitt skjemde bort av dumme turistar som sløste unødige, slik som på Vestlandet».

Best kjent av dei britiske turistane i denne perioden, er utan tvil lord Edward Salvesen frå Edinburgh. Far hans var fødd i Mandal, og lorden sjølv hadde tette band til Noreg. Lordehytta, som han let bygga ved Vivatn i Forgardsheia, stod ferdig i 1912 og er i dag eit særskilt viktig kulturminne og monument over denne delen av historia i Åseral. «Hytta» på over 300 kvm vart sett saman av skotsk halvfabrikat i Mandal, demontert og frakta til Åseral og vidare langt inn i heia, der ho vart sett opp att. Det var eit voldsomt slit for dei involverte, og ein ikkje så reint liten investering for Lord Salvesen.

Arkitekten for Lordehytta var Robert Lorimer, som óg teikna Risøbank i Mandal for Lord Salvesen. Han var ein av dei fremste skotske arkitektane i det 20. hundreåret, og det er særskilt spesielt at vi har to av arbeida hans her i regionen. Då reiselivet i Åseral auka i omfang utover på 1900-talet vart «Gamle-Lorden» i Kyrkjebygd oppført (1920), tydeleg inspirert av Lordehytta, og teke i bruk til kafè og pensjonat. På eit tidspunkt var det fleire hotell/pensjonat i Kyrkjebygd.

Lord Salvesen var elles godt kjent i Åseral lenge før Lordehytta vart bygd. Han spela ein viktig rolle til det etablissementet som for alvor sette Åseral på turistkartet: «Aaseral turisthotel og sanatorium», som vart oppført ved Lognavatnet i 1891.



Aaseral turisthotell. Foto: Knut Åknes



Lordehytta. Foto: Janne Elvenes



Hotellet i Kyrkjebygd. Foto: Knut Åknes



Hotellet hadde egne båtar til leige. Bilete frå Lognavatn med kapellet i bakgrunnen.



Inne i Aseral turisthotell. Foto: Knut Åknes



Skulehuset i Kyrkjebygd. Foto: Arna Berg, 2019



Skulehuset i Refsdalen, vart teken i bruk 1907. Foto: Maren Holte, 2019

Det store og påkosta hotellet i sveitserstil vart opna i 1891, og hadde 45 rom og innlagt varmt og kaldt vann. «Som eit senter for helse og sport (dvs. fiske) har hotellet knapt sin like i Noreg,» heitte det i «The Fishing Gazette» i 1898. Hotellet leigde fiskerettar i 25 vatn i Åseral (Lognevatn, Stasvatn, Svartevatn, Skjerkevatn, Nåvatn, Jyvatn m.fl.), og i den nemnde artikkelen vart det vist til at ein flugefiskar hadde drege i land 101 aurar på til saman 40 kg på ein dag. Hotellet hadde og egne fiskebuer og båtar til leige ved mange av vatna. Ei slik bu står framleis ved Stasvatn. Hotellet vart dessverre råka av brann i 1931, og aldri bygd opp att.

Dei fleste som vitja det luksuriøse hotellet ved Lognavatn, var britar. Noko organisert reiseliv for dei egne innbyggjarane i regionen, kom først seinare. Kristiansand og Oplands turistforening fekk bygd fjellstova på Ljosland i 1937.

SKULESTELLET

I 1739 vart lova om «omgangsskuler» vedteken, og frå då av hadde det i prinsippet blitt skuleplikt for alle barn. Ansvar for undervisinga låg på klokkaren (deknen) ved kyrkja, og alle barn skulle gå på skulen frå dei var sju til de vart ti år gamle. Faste skuler hadde ein ikkje på bygdene, så lærarane og borna reiste frå gard til gard (omgangsskule).

Det kunne vere store skilnader i skulegongen mellom bygdene. Det vart gitt undervising i lesing og kristendom, og berre nokre av elevane fekk lære å skrive og rekne. I Åseral hadde ein fire skuledistrikt med kvar sin skulehaldar. Kring 1840 var det 24 veker med skulegong i året. På same tidspunkt var det 295 barn i skulepliktig alder i kommunen, men over 200 av desse fekk berre undervising i lesing og kristendom.

Ei ny lov om faste skuler kom i 1860, og lova la og opp til at det skulle undervisast i fleire fag enn fram til då. Fart i bygginga av skulehus vart det først mot slutten av hundreåret, etter at egne skulestyre vart innført og skulen vart ein reell «folkeskule». Fram til då klarte ein seg med å leige lokale til skulene i Åseral, som etter 1860 hadde 11 skulekrinsar.

I 1878 lyste ein ut lærarstillinga i dei to krinsane i Kyrkjebygd, som framleis heldt til i leigde rom, som kunne variere frå år til år. Men i annonsen heiter det at det var «besluttet» å bygge eit eige skulehus i Kyrkjebygd. Utlysinga inneheldt og noko anna som vi i dag oppfattar som kuriøst: Den som ville søke på stillinga som lærar, måtte nemlig også vere kyrkesongar. Slik var det framleis i 1920, da Åseral skulestyre søkte etter ny lærar i dei tre krinsane i Lognevassbygda.

Frå 1890-åra og framover kom det skulehus i mange av krinsane i Åseral. Skulehusa vart helst bygde etter statlege typeteikningar. Dei gjenverande skulehusa i kommunen – som i Kyrkjebygd, i Refsdalen og på Breland, er gode døme på dei institusjonane der 80 prosent av innbyggjarane i landet fekk utdanninga si gjennom fleire generasjonar, og som fekk stor betydning for folkeopplysing, demokratiutvikling og nasjonsbygging.

«SVERMERIET I AASERALL»

Fram mot 1900 vaks det fram eit nytt organisasjonliv på bygdene, med politiske lag og foreingar av ulikt slag; skyttarlag, avhaldsforeiningar, misjonsforeiningar, ungdomslag og anna. I Åseral var det i første omgang den kristne lekmannsrørsla som vann fram.

Sjølvsagt hadde åsdølane vore kristne som andre folk i mange hundre år på dette tidspunktet, og i mellomalderen hadde det vore minst to kyrkjer i dalen. Ein gong i sein mellomalder hadde rett nok kyrkja på Åknes vorte nedlagt, og kyrkja i Kyrkjebygd gått over til å verte ei annektskyrkje under hovudkyrkja Bjelland. Og i 1806 hadde kongen i København bestemt at det berre skulle vere seks gudstjenester i Åseral kyrkje kvart år – elles i året måtte åsdølane finne seg i å reise den lange og vonde vegen til Grindheim kyrkje, meinte kongen.

Men slik var det ikkje lenger. I 1857 var Åseral igjen blitt eit sjølvstendig sokn med eigen prest, og i 1873 stod det eit nybygd kapell klart på Åknes. (Ljoslendingane søkte om eigen gravplass i 1888, og fekk det) Når det gjaldt sjølve kyrkjeorganisasjonen, var imidlertid mykje ved det gamle, og organ for medverknad og demokratisk styring av soknet (sokneråd og soknemøte) var framleis ikkje etablert. Dette var noko av bakgrunnen for at det mange stader, ikkje minst i Christiansands stift, vaks fram kristne lekmannsrørslar, sjølv om dei faktisk var forbode ved lov fram til 1842.

Haugianarane eller «lesarane» var dei første av desse rørslene, men det er få spor etter «lesarar» nett i Åseral. Derimot var det nokre av dei «sterktruande» i bygda, kanskje helst i den nordvestre delen, som grensar til Sirdal, der dei «sterktruande» var ei kraft på denne tida, altså midt på 1800-talet. Dei sterktruande kritiserte haugianarane for å vere for opptatt av bot og gjerningar.

Dette endra seg i 1870-åra, då ei vekkingsbølge skylte over dalen. Ho byrja visst nok då Lars Oftedal vikarierte som prest i ein månads tid i 1874. Den faste soknepresten hadde fått eit nytt soknekall, og bygda måtte ha prest i jula, «som er en Tid da det vistnok desværre ei vil være raadeligt at overlade Almuen ganske til seg selv paa Grund af den overhaandtagende Drikfældighed». Oftedal kom, og stilte seg opp på trappa til Isak Austrud i Kyrkjebygd, song salmar og forkynte, og mange vart vakte og då. Det var mange og harde diskusjonar i heimane rundt i bygda, mellom «sterktruande» og «oftedølar».

I 1898 tok sokneprest Tønnessen initiativ til å få bygd bedehus i Kyrkjebygd, og det vart innvigd to år seinare som det første i Åseral. Seinare var det bygd nytt bedehus i Kyrkjebygd, og Lognavassbygda, Rosseland og Kylland fekk også sine bedehus. Kristenlivet stod spesielt sterkt etter ei stor vekkingsrørslar høsten 1903, da emissær Johan Gjerdal var i Åseral:

«Bedehuset stod då som midtpunktet i sokna. Dit strøymde alle, frå gamle, gråhærde kvinner og menn og ned til skuleborna. Det var fullt kvart kveld månad etter månad, og laurdag og sundag når folk møtte opp frå alle kantar av sokna, var det for lite,» skriv Oscar Handeland om denne hausten.

Vekkinga i Åseral i 1903 fekk stor merksemd i samtida. Fædrelandsvennen skreiv om saka under overskrifta «Svermeriet i

Åserall», medan ei Kristiania-avis skildra «den religiøse orkan» og «hysteriske vekkelse» i dalen. Noko motsetnad mellom lekmannsrørsla og kyrkja har det ikkje vore, og sokneprest Tønnessen var den som tok til motmæle mot skriviene, og kalte rørsla for «mærkelig sund, uden Spor af Fanatisme».

Det lokale kristenlivet vart tidleg prega av ei stor interesse for misjonen, og blant anna har Santalmisjonen hatt sterke røter i bygda.




Det fyrste bedehuset i Åseral blei bygd under Berg, og innvigd den 13. oktober 1900



Bedehuset på Rosseland, oppført i 1927.



Lærer Abusland med framhaldskule elevar på Lognavatn bedehus. Foto: Knut Åknes



Nåvassdammen, 1953. Foto: Vilhelm Skappel

NOKRE HOVUDTREKK VED UTVIKLINGA ETTER 1900



Ein kan framleis finne restar av krafverket i Rjukan. Foto: Maren Holte

VASSKRAFTUTBYGGING

Kraftutbygginga var eit hovudtrekk ved utviklinga av kommunesamfunnet på 1900-talet, og spesielt den store Skjerka utbygginga fekk store og varige konsekvenser for folk og samfunn.

Alt i 1914 vart det etablert to mindre kraftverk i Åseral, og mange fekk elektrisk lys frå då av. «Aaknes og Nordgaardens Elektriske Anlæg» vart planlagt av ingeniør Chr. Larsen i Kristiansand. Det gav straum til 135 glødelamper – og til 1 strykejern!

«Kirkebygdens elektriske Anlæg» lå i Rjukanliæ, der ein framleis kan sjå spor etter anlegget. Planane for det heile vart her og utarbeidd av ingeniør Chr. Larsen. Det vart bygd til saman ein halv mil luftledning, og kraftverket gav straum til 348 glødelamper. Eigarane ville selge kraftverket og fallrettane til kommunen for 10 000 kr. i 1919, men fekk avslag. I 1922 tok VAE (Vst-Agder Elektrisitetsverk) over anlegget.

Då VAE vart skipa i 1920, var kongstanken «byggingen av Skjerka kraftverk». Den nye elektriske krafta var skeivt fordelt, og det var helst dei mest folkerike område i Vest-Agder som klarte å skaffe seg elektrisitet på eiga hand: Sju av dei åtte mest folkerike herreda bygde egne kraftverk før 1920, medan dei ti minst folkerike ikkje gjorde det. Det nye fylkeskraftverket skulle gi ljøs og kraft til «det hele amt», og til sams pris for forbrukarane. I fylkestingsvedtaket stod det:

«Fylkestinget besluttet byggingen av et fylkeskommunalt elektrisitetsverk med kraftanlæg i Skjerka og med ledningsnet helt frem til forbrukerne, i det væsentlige overensstemmende med den fremlagte plan som også forutsætter samme vilkaar for kraftlevering til alle herreder.»



Røyrgate, Skjerka

Det tok imidlertid mange år før planane kunne realiserast; fart i sakene vart det først då storkunden Fiskaa Verk i Kristiansand melde sin interesse. Skjerka kraftverk vart ferdig i 1932, med kraftstasjon på Sinnes på vestsida av Øre. Hovudmagasinet var 18 km langt, og tok opp i seg Návavn, Sandvatn, Svartevavn og Åstølvavn. Demningane ved Návavn vart prosjektert av den kjende og innovative ingeniøren Chr. F. Grøner. Frå magasinet gjekk vatnet ned i eit mindre basseng med Hagedalsvatnet og Øvre og Nedre Skjerkevavn.

I 1950-åra vart også Juvavn, Mevavn og Grundevavn regulert med ein demning ved Juvassdammen, og Langevavn vart kobla til Návavnsmagasinet gjennom ein 13 km lang tunnel. Vidare regulerte ein Øre for å skaffe vavn til ein ny kraftstasjon på Håverstad; den gamle elveosen vart stengt med ein demning, slik at alt vavn gjekk til stasjonen. I 1997 bygde ein så ein ny kraftstasjon inne i fjellet ved Skjerka.

I dag er Åseral den nest største kraftkommunen i Vest-Agder.

Anleggsarbeidet førte mange folk til bygda, for her var det arbeid å få både for bygdefolk og tilreisande. Aktiviteten var stor, og berre på Sinnes vart det etablert to butikkar for å skaffe varar og tenester til anleggsfolka. Den spesielle «ral-larkulturen» gav også nye politiske og ideologiske impulsar til Åseral, og mellom anna vart Åseral arbeidsparti skipa i denne tida.


BU HEIME, JOBBE UTE

Dei tradisjonelle arbeidsvandringane heldt fram på 1900-talet, men tok nye former. Tidlegare hadde gjerne mannfolka reist vestover og teke arbeid under sildefisket, eller på bygningsarbeid i byane austpå, der det særleg var steinarbeid åsdølane dreiv med.

Seinare gjekk vegen til Amerika, men mange kom heim til bygda att. Nordisk Tidende skreiv i 1929:

«Av aasdøler ere det nu flere i Amerika enn hjemme. Ca. ¾ av de bønder, som nu driver gaard i herredet, er eller har været i Amerika. Paa gaarden Aasland er det av 14 bønder bare 1 som ikke har været derover. Paa en annen gaard har av 13 bønder de 10 været i Amerika. Det fremheves, at Amerikapengene har hindret mangen en tvangsauksjon og hjulpet mange til aa bli sittende med gaarder, som de eller hadde maattet gaa i fra.»

Det vart stopp i amerikareisene under 1. verdskrig, men det tok seg opp att i mellomkrigsåra, og heldt fram etter 2. verdskrig. Men då fanst det og andre moglegheiter. Mange drog på kvalfangst vinterstid, og mange jobba på anlegg. Ikkje så reint få åsdølar hadde fått god erfaring med anleggsarbeid under Skjerka-utbygginga.



Ein av buedammene ved Návavnsmagasinet under bygging.



Åsdøler på kvalfangst. Foto Arthur Tveit

NYE OG GAMLE NÆRINGAR

Kraftutbygginga og dei etter kvart sju kraftverka i kommunen representerte store endringar og den utan samanlikning viktigaste industrireisinga i Åseral. Men det vart og skipa annan industriverksemd. Salve Bortelids verkstad på Åknes, «Bortelid småindustri», spesialiserte seg på tobakkspinnar, men leverte òg mellom anna hagestolar og klaffebord, og på 1950-talet fekk ein og Kylland møbelindustri. Tobakkspinnfabrikken er bevara, og er eit viktig kulturminne i kommunen.

Midt i 50-åra hadde Åseral 10 handelsforretningar, derav to samyrkelag. Seks av desse låg i Kyrkjebygd, medan Lognevassbygda og Kylland hadde to kvar.

Skogen fekk etter kvart auka betydning. Tradisjonelt var det berre i ytre deler av bygda og dels opp gjennom Lognadalen at det fanst større skog. Kyrkjebygd hadde knapt nok skog til husbruk, og i Vestredalen vaks det berre lauvskog. Ein gong i tida har det vore større furuskog her også, men neppe i historisk tid. I lang tid klaga embetsmennene over at åsdølane svei av skogen på heiane for å skaffe betre beite til husdyra.

Før dalevegen vart bygd som køyreveg, måtte tømmeret transporterast lange vegar før det kunne fløytast på Mandalselva, og det var dårlig økonomi i tømmerdrifta. Etter kvart som infrastrukturen vart betre, kom det gardssager fleire stader, og serleg stavdrifta fekk stor betydning. Nokre av sagbruka var større, kommersielle verksemd, t.d. Egså sagbruk, som i periodar før 2. verdskrig dreiv det stort.

I 1916 kjøpte kommunen Egsågardene, med store skogeigedommar. I mellomkrigsåra vart det av desse eigedommane lagt ut tre bureisingsbruk med godt dyrkingsareal og skog til kvart bruk.

Etter at den gamle driftehandelen tok slutt, kom det sauedrifter frå Jæren til Ljoslands- og Brelandsheiane med dyr som bøndane åtte. Dei vart drivne opp om våren og heim att om hausten. Denne driftsforma gav nye moglegheiter for jærbøndane. Heimebeitet vart spart til hausten og utover vinteren når sauene gjekk ute. På dette viset kunne sauetalet fleirdoblast. Etter 2. verdskrig tok Forgardbøndane inn 1200-1500 sauer frå ytre delar av fylket på sommarbeite.


Husfliden har stått og står sterkt i Åseral. I 50-åra vart det seld ein del husflidsarbeid i dalen, særleg teppe, lusekofar, sokkar, vottar osv., «gamal åsdølhusflit som her veks fram i nye former,» som det vart sagt. I 1973 skipa Sigmund Jortveit den første bygdeutstillinga i kommunen, då han drog rundt i bygda og fekk folk til å stille ut noko av alt dei hadde i heimane av eigenproduserte bruks- og kunstgjenstandar. Bygdeutstillinga har sidan vore eit årleg arrangement kvar sommar.



Rester av Egså sagbruk. Bilete tatt i 2007. Foto: Astrid Nesland



Rester etter Logna sag. Foto: Kari Røylnli?



Nils Ljosdal, leiar i Bygdeutstillinga i mange år.

TURISTKOMMUNE OG KRAFTKOMMUNE

Kommunen har 939 innbyggjarar pr. 4. kvartal 2018. Talet er langt under det historiske toppnivået, men samstundes ein klar auke sidan botnnivået rundt 1990 (812 innbyggjarar). Ut frå ei framskriving vil Åseral passere 1000 innbyggjarar kring 2030. Tettast busetnad er det i Kyrkjebygd, der 41 % av innbyggjarane i kommunen budde i 2018.

Det er visse tendensar til at fleire buset seg i Kyrkjebygd, som berre hadde 32 % av det samla innbyggjartalet i 1990. Men om ein ser på endringane frå 2001 til 2018, er ikkje auken i folketal skjedd i Kyrkjebygd, men andre stader i kommunen; i krinsane Kyrkjebygd, Lognavatn og Breland er innbyggjartalet så å seie uendra. Åseral er saman med Hægebostad einaste kommune i Vest-Agder utan nokon tettstad i eigentleg forstand (etter SSBs definisjon).

Åseral er ein stor hyttekommune, med ca. 2500 registrerte fritidsbustader. Dette inneber at talet på årsinnbyggjarar er høgt, om lag 10 000.

Av dei som bur fast i kommunen, bur nærare 40 prosent på ein landbrukseigendom. Jord- og skogbruk er også viktigaste næring i Åseral, med ein tredel av arbeidsplassane i kommunen (2014). Husdyrhaldet (storfe og sau) dominerer i jordbruket. Åseral er nest største kraftkommunen i Vest-Agder, og utgjer saman med annan industri og bygge- og anleggsverksemd ein fjerdedel av arbeidsplassane. Offentlege arbeidsplasser er likeeins viktig i Åseral. Om lag ein tredel av dei yrkesaktive som er busette i Åseral, har arbeid utanfor kommunen. Det er likevel stor netto innpendling til kommunen.

Kommuneplanen peikar på nokre sentrale utfordringar for kommunesamfunnet, mellom anna skeiv kjønnsbalanse blant vaksne i yrkesaktiv alder (overvekt av menn), låg kompetanse i form av høgare utdanning hjå innbyggjarane og einskilde høve knytt til folkehelsa.

Kommuneplanen har som hovudmålsetting at talet på innbyggjarar skal aukast gjennom å styrke Åseral sin attraktivitet. Auke i innbyggjartalet er vesentleg for sosialt miljø, trivsel, kommunale tenester, skatteinngang og omsetning i lokale verksemdar.



Påsketuristar i Åknestunet. Foto: Knut Åknes



Hotellet Haakonseter vart opna i 1968 av kunstnaren Håkon Torsland.



Hyttefelt på Bortelid. Legg merke til alle hyttene i heia i bakgrunnen. Foto: Ann Kristin Tollefsen



Håkon Torsland. Foto: Peder Austrud

***Reven reven den raude
kom og bad meg ette saue
Nei sa eg, han sill inkje få
så strauk han a bakkjin og tok den grå
Reven reven den raude***

- Lokaltradisjon Åseral -

DEL II

PLAN OG PROSESS



Heller på Vestheia, mellom Breland og Sandvatn. Foto: Kjell Ljosland

*Det va ein gong tvo små spikka
som vilde ti bekkjen å drikka
Så fann dei seg ein litin makk
so gjorde dei bå åt og drakk
Sia sprang dei og hoppa
jamt med vedetoppa
Men so kom haukjen og til dei slo
og haukjen han tok dei både tvo!*

- Lokaltradisjon Åseral -



Minne kultursenter. Foto: Tor Reidar Austrud

MÅL

Kulturminne og kulturmiljø er fellesverdier i samfunnet. I dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging (2015) heiter det at «kommunane har hovudansvaret for å iidentifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål», og kompetanseutvikling i lokalforvaltninga er eit av satsingsområda i det nasjonale kunnskapsløftet for kulturminnevernet, initiert av Klima- og miljødepartementet og Riksantikvaren.

Kulturminneplanen skal vere kommunen sin oversikt over viktige kulturminne og kulturmiljø, og inneheld ein plan for forvaltninga av desse. Planen gir kunnskap om fortida og avklarar kva kulturminne ein vil ta vare på i framtida.

Det overordna målet for kulturminneplanen er å forvalte kulturminna så dei kan vere til nytte og glede for noverande og framtidige generasjonar. Den skal vere eit dokument som synleggjer kulturarven, set fokus på å ta vare på kulturminner og formidlar historie og identitet.

Planen bør nyttast aktivt i turisme og reiseliv, skape engasjement rundt kulturminne og belyse kulturminne som kanskje ikkje vert sett på som eit kulturminne ennå.

Kulturminneplanen skal gi eit løft for kulturminna i Åseral - blant anna for stader som Sosteli og Minne kultursenter, for bygningskulturen og alle dei immaterielle kulturminna i form av segner, eventyr, musikk og handverkstradisjonar.

PLANTYPE OG AVGRENSING

Kommunalutvalet vedtok 26. april 2018 å sette i gang arbeidet med kulturminneplanen. Utvalet la til grunn at ein lagar ein temaplan, der ein ikkje må følgje reglene i plan- og bygningslova om planprogram, offentlig ettersyn, fristar osv.

Medverknad frå lokale lag og foreiningar, enkeltpersonar og politisk forankring av arbeidet er likevel viktig, og det har vore eit mål at innhaldet i planen er like godt som i dei alternative plantypene.

I saksframlegget vart det peikt på at formidling, informasjon, betre tilgjengelegheit og tilrettelegging for vitjing av kulturminna i kommunen skulle stå i fokus i planen.

Framlegget peikte vidare på at dette burde vere med i planen:

- Omtale av og kart over dei viktigaste kulturminna i kommunen
- Forslag til forvaltning og skjøtsel av desse kulturminna
- Plan for korleis omsynet til kulturminna skal integrerast i øvrig kommunal planlegging og organisasjon
- Handlingsdel med tiltak for gjennomføring av måla i planen, med kostnader.

Planen tek utgangspunkt i eksisterande kunnskap og tilgjengelege registreringar, men i handlingsdelen vert det mellom anna skissert eit vidare opplegg for kulturminnetypar og områder som er dårleg kjent.

Planen omhandlar både materiell og immateriell kulturarv, og kulturminne frå både eldre og nyare tid. Vekta er likevel lagt på kulturminne frå nyare tid, dvs. slike som ikkje alt er sikra gjennom anna lovverk.

Kulturminneplanen bør vere førande for byggesakshandsaming og planarbeid i kommunen.



PROSESS OG MEDVERKNAD

Åseral, Audnedal og Hægebostad har eit samarbeid om felles planleggjar. I samband med det samarbeidet har det lenge vore drøfta om det er aktuelt å utarbeida kulturminneplanar. Audnedal og Hægebostad har vedteke i sine planstrategiar at dei skal gjera dette arbeidet i løpet av planperioden. Åseral har ikkje lagt dette planarbeidet inn i inneverande periode. Etter å ha drøfta saka i styringsgruppa for felles planressurs, vart alle kommunane samde om å søka midlar til utarbeiding av kulturminneplan og samarbeida der det er naturleg.

Felles planleggjar har søkt riksantikvaren om tilskot til utarbeiding av kulturminneplan for dei tre kommunane, og fekk 6. april 2018 tilslag frå Riksantikvaren på søknadane om tilskot på kr.100 000,- til kvar av kommunane, samt ekstratilskot på kr. 200 000,- til samarbeidsprosjektet.

Styringsgruppa vedtok å knytte til seg eit eksternt firma med god kompetanse på kulturminner, og Multiconsult v/ Frans-Arne Stylegar vart valt. Frans-Arne Stylegar har vore fagleg rådgjevar og forfattar. Felles planleggjar har vore sekretær. I tillegg har ei lokal arbeidsgruppe med desse ressurspersonane vore sentral i arbeidet:

Arna Berg (Åseral sogelag)
Kari Røynlid (Åseral kommune)
Odd Helge Liestøl (Åseral kommune)
Maren Holte (Felles planleggjar)
Tor Reidar Austrud (Åseral kommune, frå april 2019)
Jorun Tove Høiland (Åseral kommune, til mars 2019)
Ann Kristin Tollefsen (Åseral kommune, frå mars 2019)

Kommunalutvalet har vore styringsgruppe for arbeidet.

Felles planleggjar har vore med på samlingar, kurs og seminar om kulturlandskap, kulturminne og tilrettelegging. Arbeidsgruppa har vore vertskap for ei felles temasamling med arbeidsgruppene i Hægebostad og Audnedal kommunar og Vest-Agder fylkeskommune, der handlingsplan var tema. Ein har hatt eit informasjonsmøte på Minne kultursenter, og felles planleggjar har vore på turné til ulike lag og foreningar og presentert arbeidet med kulturminneplanen. Felles planleggjar har skreve fleire innlegg om kulturminneplanen i Åsdølen.

FORHOLDET TIL ANDRE PLANAR OG LOVVERKET

KOMMUNALE PLANAR

Kommuneplanen er det viktigaste verktøyet i lokal planlegging. Kommuneplanen (2015-2025) har visjonen «Åseral – ei positiv kraft!», og hovudmålsetting at «Alle i Åseral skal oppleve god livskvalitet». «Særprega fordi vi vil ta vare på tradisjonane» er ein av verdiane.

Kommuneplanen har fleire målsettinger som er relevante for arbeidet med kulturminneplanen, m.a. desse:

- Vitjande i Åseral skal oppleve eit vertskap som er varmt og inkluderande, og som formidlar den lokale kulturen i forteljingar, i kunst og mattradisjonar, naturopplevingar og aktivitetar
- Åseral skal bli lagt merke til som kulturkommune.

Ein av dei vedtekte strategiene i kommuneplanen er óg eit viktig utgangspunkt for denne planen:

- Formidling av lokale historier, etablere kulturløyper knytt til dei ulike reisemåla, gjere tradisjonane synlege samt legge til rette for utvikling innan matkultur, kunst og musikk.

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2016 – 2019 (2016-2027) tek ikkje opp kulturminne som tema, men slår fast at «Åseral skal vera ein attraktiv kommune for fastbuande og tilreisande», og at «det er viktig med ein balanse i kommunen si satsing innan friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet mellom utviklinga av sentrumsnære områder og utbyggingsområda», med «rekreasjonsområde og anlegg tilrettelagt for eit mangfald av aktivitetar, retta mot ulike befolkningsgrupper».

Det har óg vore fokus på kulturminne innanfor landbruket i kommunen. Den vedtekte SMIL-strategien, Mål og strategier for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) 2014 -2018, peikar på at SMIL-midla skal nyttast slik at kulturlandskapet i Åseral i størst mogleg grad vert teken vare på og skjotta.



Juvassdammen stod ferdig i 1958. På det tidspunktet skal han ha vore den høgaste dammen i sitt slag i Nord-Europa. Foto: Ann Kristin Tollefsen

REGIONALE PLANAR

Den regionale strategien Kulturarv 2020 vart vedtatt i fylkestinget i 2014, som ei oppfølging og konkretisering av målsettingene i regionplan Agder 2020. Dokumentet stakar ut kursen som fylkeskommunen skal følge i tida framover. Strategien skal sikre at kulturarven i Vest-Agder vert tatt vare på, formidla og nytta på ein effektiv og god måte. Eit hovudgrep er m.a. å sørge for betre lokal forankring gjennom samarbeid med kommunar og friviljuge organisasjonar.

Regionplan Agder 2030 vart vedtatt i 2019. Forvaltning og bruk av kulturminne er relevant for fleire av satsingsområda i regionplanen, serleg «Kultur» og «Attraktive og livskraftige byer, tettsteder og distrikter».

Heiplanen (2012) er ein regional plan for heiområdene Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei. Målet med planen er at fjellområda skal tas vare på som leveområde for sårbare artar, som regionalt og nasjonalt rekreasjonsområde og som næringsgrunnlag for levande bygder.

SAMARBEIDSAVTALE MED FYLKESKOMMUNEN

Åseral har ein skriftleg samarbeidsavtale med fylkeskommunen (2015-2018). Dokumentet inneheld fleire relevante punkt for kulturminneplanen:

- Ein vil saman arbeide for å vidareutvikle Minne som eit attraktivt besøksmål i regionen, utgreie alternative samarbeidsformer og søke samarbeid med Vest-Agder-museet IKS om utvikling av fagleg innhald og formidling.
- Partane vil saman utvikle og marknadsføre Sosteli for å gjera eignedomen kjent og attraktiv for eit breitt publikum.
- Ein vil sjå på moglegheita for å få til eit samarbeid med Audnedal og Hægebostad om å utarbeide kulturminneplan.

NASJONALE FORVENTNINGAR

Dokumentet Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 inneheld ulike moment med relevans for kulturminnefeltet. Her vert det t.d. peikt på at det er kommunane som har hovudansvaret for å identifisere, verdsette og forvalte verneverdige kulturminne, kulturmiljø og kulturhistoriske landskap.

I Riksantikvaren sin strategi for arbeid med kulturarv i kommunane vert det anbefalt at kommunane har tilstrekkelege rammer for arbeidet, at ein samhandlar med eigarar, frivillige miljø og næringsliv, og ser kulturminna i samanheng med andre samfunnsområde.

LOVVERKET

Både nasjonale og internasjonale avtaleverk forpliktar oss til å ta vare på viktige kulturminne. Nedanfor vert dei to viktigaste lovene i denne samanhengen omtalt, med ei kort skildring av kva dei omfattar. Kulturminnelova er ei særlov og dermed overordna plan- og bygningslova. I tillegg til nasjonale lovverk finst internasjonale konvensjonar og avtalar som Noreg har forplikta seg til å følge.

KULTURMINNELOVA

Kulturminnelova sitt føremål (§1) er at «kulturminne og kulturmiljø skal vernast som del av kulturarven vår og identiteten vår, og som ledd i ei heilskapleg ressursforvaltning. Det er eit nasjonalt ansvar å «ivareta desse ressursane som vitskapleg kjeldematerial og som varig grunnlag for nolevande og opplevinga til framtidige generasjonar, sjølvforståing, trivsel og verksemd. Når det etter anna lov vert gjort vedtak som påverkar kulturminneressursane, skal det leggjast vekt på føremålet til denne lov.»

Lova vert forvalta av Klima- og miljøverndepartementet som overordna styremakt, med Riksantikvaren som fagleg sekretariat og overordna direktorat for den utøvande verksemda, og med fylkeskommunane, Sametinget og dei arkeologiske og marinarkeologiske musea som regionale forvaltingsledd.

Kulturminnelova vert ikkje forvalta av kommunen, men kan påverke saker kommunen skal handsame, mellom anna etter plan- og bygningslova. Kommunen må forhalde seg til kulturminnelova i alle saker der freda bygningar, anlegg eller miljø er rørt, og må dessutan melda frå til kulturminnestyresmakta dersom ikkje-freda bygningar frå før 1850 vert planlagt rivne eller vesentleg endra.

PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Plan- og bygningslova inneheld fleire paragrafar som omfattar vern av kulturminne, kulturmiljø og landskap. I dei kultur



Dørøpna på bua ved Stasvatn. Foto: Kari Røyndid

minnesakene som vert handsama av Åseral kommune, må dei krav som vert stilt, vere heimla i plan- og bygningslova. Dette omfattar enkeltsaker som bygge- og rivesaker, konsekvensutgreiingar og forslag til reguleringsplanar.

I plandelen er §3-1, 11-8, 11-9, 12-6 og 12-7 aktuelle, i det dei omfattar regulering til bevaring gjennom omsynssoner.

Byggesaker som omfattar kulturminne, vert handsama etter §31-1, som seier at «ved endring av eksisterande byggverk, oppussing og rehabilitering skal kommunen sjå til at historisk, arkitektonisk eller annan kulturell verdi som knyter seg til ytret til bygget, så vidt mogleg vert verna.»

Ansvar for planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova ligg hjå kommunestyret, men er i stor grad delegert til kommunalutvalet og hovudutval for drift og utvikling.

Eit utval andre aktuelle lover, meldingar og konvensjonar som har eller kan ha direkte konsekvensar for kulturminnefeltet:

- Naturmangfaldslova (2009) skal sikra at biologiske, landskapsmessige og geologisk mangfald og økologiske prosessar vert tatt vare på
- Kulturminnemeldinga Leve med kulturminner, St.m. nr. 16, 2004-2005) inneheld formuleringar og vurderingar av verdigrunnlag, mål og strategiar for ein fornya kulturminnepolitikk.

INTERNASJONALE AVTALAR

På internasjonalt nivå finst fleire avtalar som Noreg har slutta seg til, og som gjev føringar spesielt på statleg nivå; men der det for eit nærare spesifisert fagområde – i dette tilfellet kulturminnevern – òg kan leggja viktige føringar for lokal handtering:

- UNESCO-konvensjonen om vern av «immateriell kulturarv» (2003), der målet er å verne den rikdomen immateriell kulturarv inneber, og å vera ei kjelde til utvikling og dermed ein ressurs for mange folkegrupper
- UNESCO-konvensjonen (1972) om vern av verdens natur og kulturarv, som knyt saman vern av naturen med vern av kulturminne

- Den europeiske landskapskonvensjonen (2004), der føremålet er å verne, forvalte og planlegge landskap og organisere europeisk samarbeid på desse områda
- Venezia-charteret (1964) inneheld prinsipp for konservering og restaurering av kulturminne
- Malta-konvensjonen (1992) føreset at den arkeologiske kulturarven skal vernast som kjelde til det europeiske minnet og vere eit utgangspunkt for historiske og vitenskaplege studiar.

KONSEKVENSAV PLANEN

Kulturminneplanen har fleire funksjonar. Den skal vera med å gjera oss medvetne på kva kulturhistoriske verdiar vi har i vår eigen kommune og korleis vi kan forvalta dei til beste for oss sjølve og framtidige generasjonar.

Dei prioriterte kulturminna og kulturmiljøa er først og framst kommunen si eiga oversikt over lokalt viktige objekt og miljø. Dei skal forvaltast lokalt, og oppføring i planen inneberer ikkje at kulturminne og kulturmiljø vert «freda».

Kommunen kan sikre prioriterte kulturminne og -miljø gjennom bruk av omsynssoner (plan- og bygningslova § 11-8) i arealdelen til kommuneplanen og gjennom regulering. Dette vil gjera det mogleg å handsame kulturhistorisk viktige bygningar og anlegg som ein del av miljøet dei inngår i, og det set kommunen i stand til å planleggje langsiktig.

Planen har også ein eigen handlingsdel. Oppfølginga av denne kviler både på fylkeskommunen, kommunen og åsdølane. Tilgang på ressursar til oppfølging vil i kommunen vere avhengig av dei årlege budsjettvedtaka i kommunestyret.

Planen skal også vere eit godt grunnlagsdokument for å søke på nasjonale og regionale midlar til oppfølging og forvaltning av ulike kulturminne i kommunen.

RULLERING

Rullering av kulturminneplanen vil verte vurdert i planstrategien kvart fjerde år. Handlingsplanen vil verte vurdert i kommunen sitt budsjett og økonomiplan kvart år.

*Reven han låg i stræte
høyrdde han lubbin blækta
Litin lubbe kom hitt ti meg
ska eg syne deg ei grasli
Nei svara lubbin
eg vil heim ti mamma mi
få meg noko drikka*

Immateriell kulturarv. Lokaltradisjon Åseral

STATUS OG UTFORDRINGAR

KVA ER EIT KULTURMINNE?

Kulturminnelova definerer kulturminne som «alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø.» Det er denne definisjonen som ligg til grunn for den statlege forvaltinga av dei materielle kulturminna.

Forvaltinga skil mellom automatisk freda kulturminne (òg kalla førreformatiske kulturminne) og kulturminne frå nyare tid.

Ein skil også mellom faste kulturminne (buplassar, gravhaugar, bygningar, vegar o.l.), lause kulturminne (gjenstandar) og den immaterielle kulturarven (kunnskap og ferdigheiter innan handverk, dans, musikk, tradisjonar, eller skikk og bruk).

Automatisk freda kulturminne er eldre enn 1537 (reformasjonen), med unntak av ståande bygningar (1650) og kulturminne i vatn og vassdrag (eldre enn 100 år). Automatisk freding gjeld sjølve kulturminnet og ei sikringssone på minst fem meter omkring det.

Kulturminne frå nyare tid er frå perioden etter 1537 og fram til vår eiga tid. Døme på slike kan vera bygningar og bygningsmiljø, husmannsplassar, stolar og vegar. Kulturminne frå nyare tid kan fredast etter vedtak eller føresegn, eller vernast gjennom plan- og bygningslova.

Kulturmiljø er område der kulturminne er del av eit større heile eller ein vidare samanheng. Kulturmiljø vert avgrensa gjennom ei samla vurdering av kulturhistorie, kulturminne og tidsdjupn i eit område.

Kulturlandskap er alt landskap som er prega av menneskeleg verksemd. Termen vert nytta når ein fokuserer på menneskeleg påverknad av landskap, og ein nyttar han ofte om jordbrukslandskap, stølsvollar osv.

Immaterielle kulturminne er kulturytringar som ikkje er fysisk masse, men som lever vidare skriftleg, munnleg eller ikkje-verbalt. Den norske UNESCO-kommisjonen nemner desse døma på immateriell kulturarv: «Språk, utøvande kunst,

sosiale skikkar, tradisjonelle handverksferdigheiter, ritual, kunnskap og ferdigheiter knytt til naturen.»

I røynda ser me som oftast at materiell og immateriell kultur heng tett saman.

Verdsetting av kulturminne er ei utfordrande oppgåve. Riksantikvaren nyttar tre verdinivå på kulturminna: nasjonal, regional og lokal verdi.

Verdien vert knytt til omgrep som oppleving, kunnskap, identitet, estetikk og bruk – og så kjem konkrete eigenskapar ved det enkelte kulturminnet, til dømes alder og kor sjeldan det er.

Utviklingstendensane i kulturminneforvaltinga har dei siste 150 år gått frå eit fokus på arkitekturhistoriske enkeltmonument, som stavkyrkjene og objekt frå embetsmannskulturen (bonde- og bykulturen), til ein meir representativ dokumentasjon av vår felles, bygde historie. Verdiar knytt til immaterielle kulturminne og handlingsboren kunnskap har òg fått meir prioritet dei seinare åra.

Det er i hovudsak to lover som vert brukt for å ta vare på spesielt verdfulle kulturminne - kulturminnelova og plan- og bygningslova. Kulturminnelova vert forvalta av Riksantikvaren på nasjonalt nivå, og fylkeskommunar, sameting, arkeologiske landsdelsmuseum og sjøfartsmuseum på regionalt nivå. Kommunane sitt viktigaste reiskap for å ta vare på kulturminne, er plan- og bygningslova.

*Mannen han gjekk seg a veaskog
Fallalala
Der høyrde han kråka i toppan gol
Den dunar i botnen fallalala*

*Mannen han tenkte med sjave seg
Skal tru om den kråka vil drepa meg*

Immateriell kulturarv. Lokaltradisjon Åseral

KJENDE KULTURMINNE OG DATAGRUNNLAG

UTFORDRINGAR

Det er eit nasjonalt mål å minske det årlege tapet av viktige kulturminne. Men i Agder som elles i landet forsvinn mange kulturminne. Dei nasjonale målsettingane seier m.a. at tapet av verneverdige kulturmiljø og kulturminne ikkje skal vere større enn ein halv prosent i året, og at kommunal planlegging skal vere med på å sikre viktige kulturminne.

Innanfor miljøovervåkingsprogrammet «Gamle hus da og nå» (Riksantikvaren) kontrollerte ein bygningar i Sefrak-registeret (eldre enn år 1900) i 18 utvalde kommunar, m.a. Gjerstad i Agder. Frå programmet starta i 2000 og fram til 2014 vart nesten ein firedel av bygningsmassen tapt. Av dei bygningane som var att i 2014, hadde nær halvparten vore gjennom endringar/ombyggingar. Tapet var størst innanfor utmarksbygningar og større driftsbygningar i landbruket.

Det har vist seg at det største tapet av kulturminne skjer i kommunar som ikkje har eigne kulturminneplanar, og der ein ikkje avklarar interessekonfliktar på førehand eller handsamer saker etter lovverket. Det er ei generell utfordring at kulturminne og kulturminnevern ikkje er eit tydeleg politikk- og fagområde i kommunane. Mellom anna derfor er lokale kulturminneplanar eit satsingsfelt for nasjonale og fylkeskommunale myndigheiter.

Riksantikvaren har i nokre år publisert statistikk med oversikter over dei «beste kulturminne-kommunane». Oversiktene tar utgangspunkt i kommunane si eige Kostra-rapportering, og stiller spørsmål om kommunen har laga kulturminneplan, om ein har eigen kulturminnefagleg kompetanse, om ein har sett av pengar i budsjettet til kulturminne osv. Ein kan maksimalt få ein score på 9 poeng. Åseral fekk 4 poeng i 2017, mot 1 poeng i 2016 og 2 i 2014. I 2017 var Kristiansand mellom dei kommunane som fekk høgast score (9), mens til dømes Evje og Hornnes fekk 6 og Marnardal 5. Sjølv om denne statistikken langt fra gir noko komplett bilete av kulturminnearbeidet i ein kommune som Åseral, og sjølv om kommunen i 2017 låg på den øvre halvdel blant kommunane, tyder tala på at det er rom for forbetring hjå oss også.

ASKELODDEN

Askeladden er Riksantikvaren sin offisielle database over freda kulturminne og kulturmiljø i Noreg. Databasen inneheld data om kulturminne som er freda etter kulturminnelova, verna etter plan- og bygningslova eller vurdert som verneverdige. Basen omfattar arkeologiske kulturminne, kulturminne frå nyare tid (dvs. etter 1537) som er freda, og listeførte kyrkjer. Askeladden er først og fremst eit verktøy for kulturminneforvaltninga, òg i kommunen, men registreringane er likeeins tilgjengelege gjennom Kulturminnesøk, som er ei kartbasert nettside med opplysningar om så vel freda kulturminne som slike som ikkje er freda, og der brukarane sjølve kan leggje til kulturminne med skildringar og bilete.

AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

For Åseral inneheld Askeladden til saman 762 enkeltminne fordelt på 644 lokalitetar. Fleirtalet er arkeologiske minne, som inkluderer funnstader, gravhaugar og andre minne som er fjerna osv. Mange av dei registrerte arkeologiske kulturminna er tufter og andre objekt i utmark og tidlegare stølsområde, som kan vere vanskeleg å datere meir presist.

Av desse er 244 enkeltminne automatisk freda, dvs. at dei er eldre enn reformasjonen (1537). Langt dei fleste av desse er hellarar (registrert anten under kategorien «bosetnings-aktivitetsområde» eller «felæger»), men det er òg mange jarnvinneanlegg og gravminne (gravhaugar/-røyser), og einskilde eldre ferdselsveggar. Samleposten «bosetning-aktivitetsområde» gøymer elles fleire steinalderbuplasser, samt store gardsanlegg frå jernalderen, med Sosteli som det best bevarte og kjende.

Mellom dei meir uvanlege automatisk freda kulturminna i Åseral er dei to lokalitetane med bergkunst i kommunen – eit felt med skålgroper ved Prestevegen og ein enkelt skålgrop på dørhella til Skraddarburet, samt brudlene i heiane.

Automatisk freda er likeeins den nedlagde kyrkja og kyrkjegarden på Åknes (Kyrkjevodden), samt den eldste delen av kyrkegarden i Kyrkjebygd.



Detaljbilete, Skraddarburet. Foto: Minne kultursenter

Av dei arkeologiske kulturminne som er registrert i basen utan å vere automatisk freda, er stølane i fleirtal.

Bygningskulturen i Åseral skil seg frå den ein finn i andre kommunar i Vest-Agder, også ved at det er mange sær gamle bur som framleis eksisterer. Eit av desse, det sagnomsuste Skraddarburet på Austegard, er årringsdatert til 1520-talet, og såleis automatisk freda. Skraddarburet er eigentleg eit loft med utvendig trapp til svalen. Svalgangane vart rekonstruert i 1994, og delvis fornya igjen i 2016 etter at taket bles av våren 2014.

5 andre bur er såkalla erklært automatisk freda, dvs. at dei er oppført i perioden 1537-1650. Det dreier seg om Espelidburet (årringsdatert til 1620), eit bur på Kyrkjevodden på Åknes (1620) og tre bur på Ljosland – Svensstova (1594), Torgeirstova (1608) og Jensstova (1620).

Stova Der Inne på Ljosland er oppført kring 1840, men inneheld gjenbrukte bygningsdelar heilt tilbake til slutten av 1500-åra. Stova har uavklart vernestatus.

VEDTAKSFREDA KULTURMINNE

Når det gjeld kulturminne frå nyare tid som er freda etter vedtak med heimel i kulturminnelova, er det berre ein slik lokalitet i Åseral, nemleg Persstova på Ljosland. Tunet på bruket består av tre bygningar, våningshus, loft og driftsbygning, og dei to sistnemnde er freda. Uthuset er frå 1891, og er oppført i grindverk; einskilde stokkar inne i bygningen er mykje eldre, og har kroting i form av årstall, hestar, menneske og skip. Det lafta buret er dendrokronologisk datert til 1668-1669.

Mjålandsstova vart freda i 1923. Stova vart rekna for å vere eit godt bevart døme på eit tidleg stadium i utviklinga mot «den mandalske stueform». Ho stod på fredningstidspunktet på Mjåland i Åseral, men vart flytt til Høgtun i Marnardal i 1935.

KULTURMINNE FREDA GJENNOM FORSKRIFT

Austrhusbrua frå 1953 inngår i landsverneplanen til Statens vegvesen, og han vart freda gjennom forskrift i 2009. Brua var den første bjelkebrua i landet med utanpåliggende kablar, og vart bygd for å prøve ut dei nye metodane som då var utarbeidd for betongbruer.

STATLEG LISTEFØRTE KULTURMINNE

I NVE sin temaplan «Dammer som kulturminner» er fleirbuedammane Nåvatn I og III valt ut som særleg viktige. Dei to dammane i betong har skråstilte, sylindriske buer med diameter på 19 meter, og innsidene er kledd i treverk. I sin form er desse to dammane unike i Noreg. Dammane ved Nåvatn vart prosjektert av Chr. F. Grøner, ein anerkjent og innovativ ingeniør i norsk dambygging.

NVE sin temaplan «Kulturminner i norsk kraftproduksjon» peikar på Skjerka kraftverk (1932) som viktig.

LISTEFØRTE KYRKJER

Ei listeført kyrkje er vurdert som verneverdig av Riksantikvaren. Desse kyrkjene er ikkje freda, men alle saker som gjeld endringar i eller ved ei listeført kyrkje, skal vurderast av Riksantikvaren eller fylkeskommunen (omgjevnadene til kyrkja). Alle kyrkjer oppførte mellom 1650 og 1850 er listeførte, og det same gjeld ein del kyrkjer bygd etter 1850.

I Åseral er soknekyrkja i Kyrkjebygd (bygd 1822) listeført.

Kapella på Åknes (1873) og Ljosland (1959) er ikkje underlagt noko form for vern, men er viktige kulturminne i lokal samanheng. Ljosland kapell vart bygd av materialar frå ein skulebygning på stronda mellom Åknes og Austegard.

SEFRAK

Sefrak (av Sekretariatet for Registrering Av faste Kulturminner) er eit landsdekkjande register over eldre bygningar og andre faste kulturminne. Det omfattar opplysningar om alle bygningar eldre enn år 1900, og som i dei fleste tilfelle ikkje er underlagt nokon form for formelt vern.

Sefrak-registreringane er mellom anna tilgjengelege gjennom ein wms-teneste i Askeladden, og som eige kartlag på miljøstatus.no.

I Åseral er det registrert 312 ståande Sefrak-bygg. Om lag ein tredel av desse er eldre enn 1850, og er konsentrerte i Austredalen og i Vestredalen (Breland, Ljosland). I tillegg er det registrert ei stor mengd tufter og ruinar etter bygningar, stort sett i heiane (tufter etter stølsbuer og utløer).



Fleirbuedammen Návatr III. Foto: Helena Nynås, NVE.

Sjølvs om bygningar som er registrerte i Sefrak ikkje er omfatta av spesielle restriksjonar, bør ein gjere ei lokal vurdering av verneverdi før kommunen gir løyve til å rive, flytte eller endre bygningen. For bygningar eldre enn 1850 seier kulturminnelova (§25) at ein skal gjere ei slik vurdering, og saka skal sendast til kulturminnemyndigheiten (fylkeskommunen) som skal gi fråsegn.

Det er kommunen som har ansvaret for å oppdatere registeret, til dømes dersom ein Sefrak-registrert bygning skal slettast (dersom han er riven, brent e.l.).

KULTURMINNE I MUSEAL KONTEKST

Mjålandsstova vart flytta til Marnardal i 1935, saman med eit stabbur. Desse bygningane er i dag ein del av Høgtun kultursenter/Marnardal museum.

Norsk folkemuseum (Oslo) har òg nokre bygningar frå Åseral. Det gjeld øygardsbuer frå Åknes og Austegarden og eit bur frå Tjaldal.

KOMMUNALT VERN

Kommunen har sjølv sikra einskilde viktige kulturminne og -miljø ved hjelp av plan- og bygningslova, anten gjennom regulering til spesialområde bevaring (før 2008) eller ved å syne dei som omsynssone i ein reguleringsplan.

Det gjeld desse reguleringsplanane:

- Grokleiv I (plan-id 1026_19770003, 1977), automatisk freda kulturminne (gravhaug)
- Område I Ljosland (plan-id 1026_19920010, 1992), automatisk freda kulturminne (steinalderbuplass)
- Lordehytta (plan-id 1026_19950014, 1995), bygningsmiljø (Lordehytta)
- Skjerka kraftstasjon (plan-id 1026_19970017, 1997), teknisk-industrielle kulturminne (rørgate og kraftstasjon)
- Bortelid (plan-id 1026_19970019, 1997), bygningsmiljø
- Kyrkjebygd sentrum (plan-id 1026_19980021, 1998), automatisk freda kulturminne (gravhaugar) og bjørkeallé ved Prestegarden
- Grokleiv 3 (plan-id 1026_19990027, 1999), automatisk freda kulturminne (gravhaugar)

- Skitrekk Ljosland (plan-id 1026_19990028, 1999), automatisk freda kulturminne (steinalderbuplass)
- Åknes (plan-id 1026_20000029, 2000), Åknes kapell og kyrkjegard
- Kyrkjebygd sentrum (plan-id 1026_20110071, 2012), bygningsmiljø (rekketunet under Berg og Gamle Lorden), teknisk-industrielt kulturminne (Østerhus bru), automatisk freda kulturminner (bosetningsspor, gravhaug).

SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEIANE LANDSKAPSVERNOMRÅDE

Å sikre leveområda til villreinen er hovudføremålet for landskapsvernområdet som vart oppretta i 2000, men vern av kulturminne er også ein del av føremålet. Området er på 2 385 km² og omfattar åtte kommunar i Rogaland og Agder; mellom desse er Åseral, der mykje av Vestheia er med i landskapsvernområdet.

Det er utarbeida ein besøksstrategi for landskapsvernområdet, med planar for informasjon og tilrettelegging i og inn mot verneområdet.

LOKALT PRIORITERTE KULTURLANDSKAP

Lokalt prioriterte kulturlandskap er valt ut i samband med tilskotsordninga regionalt miljøprogram (RMP). Utvalet har gått føre seg i samråd mellom kommunen og Fylkesmannen. Viktige mål er å sikre eigenarten i kommunen og regionen, og at verdifulle kulturminne og kulturmiljø i jordbruket sitt kulturlandskap vert teke vare på og skjøtta.

Prioriterte kulturlandskap i Åseral er:

- Ljosland
- Åknes
- Austegarden
- Kylland
- Gamlebu
- Åmland
- Moltehommen



Knaberøysa Grensepunkt mellom Åseral, Eiken og Fjotland. Foto Katrine Emily Jacobsen, 2018

KOMMUNEN SI ROLLE

KOMMUNEN SOM MYNDIGHEIT

Myndigheit og forvaltningsansvar for kulturminne er delt mellom stat, fylkeskommune og kommunar. Fylkeskommunen sin kulturarvstrategi, Kulturarv 2020, inneheld retningsliner for forvaltning og sakshandsaming, der det er lagt vekt på å tydeleggjere skilet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt forvaltningsansvar.

Åseral kommune har ansvar for reguleringsplanar, arealplanlegging og for at kulturarven får merksemd i kommunale planprosessar og byggesaker. Kommunen kan gjere vedtak om vern gjennom reguleringsplanar.

Som planmyndigheit har kommunane ei sentral rolle i forvaltninga av kulturminna. Dei lokale planleggingsprosessane kan vera gode arenaer for aktiv medverknad for lokalbefolkninga, kulturminneforvaltninga, foreiningar, historielag og andre interesserte.

Fylkeskommunen har ansvar for å vurdere og gje fråsegn til tiltak og planar som rører ved automatisk freda kulturminne og kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap av regional og nasjonal verdi. Tiltak som rører ved kulturminne frå nyare tid, kulturmiljø og kulturlandskap av lokal verdi, skal handsamast av kommunen.

KOMMUNEN SOM EIGAR

Åseral kyrkje og kapella på Ljosland og Åknes er kulturminner som etter Kyrkjelova vert eigd av sokna, medan driftsoppgåvene forvaltast av kyrkjeleg fellesråd. Det er imidlertid kommunen som er ansvarleg for vedlikehaldet av kyrkjebygningane.

Minne kultursenter stod ferdig i 2010 og syner Åseral si kulturarv og kulturliv. Huset rommar bygdemuseum med aktuelle utstillingar, galleri, konsertscene, turistinformasjon og kafé.

Det gamle *grendeskulehuset i Refsdalen* er eigd av kommunen og nytta i formidlingssamanhang.

Svensstova og Oppas hus er to eldre bustadhus i rekketunet på Berg. I sistnemnde var det tidlegare butikk og bensinstasjon.

Desse bygningane utgjer viktige delar av rekketunet.

Eit gammalt setehus i *Nordgardstunet* vart demontert kring 1990. Nordgardshuset ligg i dag lagra på Austrudsmonen. Det har gjennom åra vore ulike forslag til korleis Nordgardshuset kan verte nytta.

TILRETTELEGGING OG FORMIDLING

Gardsanlegget i Sosteli er ein av dei best bevart øydegardane frå jernalderen i Europa, med fleire hustuffer, tilhøyrande gravfelt, åkrar og gjerde. Fornminnefeltet er eigd av fylkeskommunen, og er tilgjengeleg for publikum. Her finst informasjonsskilt, parkeringsmoglegheiter osv. I Sosteli har ein også digital formidling (LaternaGuide).

Åseral kommune er medlem av Friluftsrådet for Lindesnesregionen (FLiR), og er dessutan vertskommune for rådet. FLiR samarbeider med andre aktørar for å gje ut naturlosbrosjyra kvart år. Naturlosturar er kulturhistoriske turar i nærområdet med lokalkjent guide.

Mange turstiar og skiløyper i Åseral gir tilgjengelegheit til kulturminne og kulturmiljø, men skilting og informasjon om kulturminna er ikkje tilfredsstillande. Ei framtidig løype frå Minne er t.d. tenkt å krysse elva ovanom Stabakka Nord. Løypa har eit kulturaspekt med mellom anna restar av den første kraftstasjonen i Åseral. Denne vart bygd i 1914 og utnytta fallet i Rjukanfossen.

Kommunen nyttar film aktivt i formidling og dokumentering av kommunen si historie. Filmen «Åseral - heimstad på jord» gir eit bilete av nokre av det kommunen har å by på. «Krigstid i Åseral» tek for seg andre verdskrig i kommunen. Det er òg laga ein film kalla «Frå plog til harpun», som presenterer historia om åsdølar som deltok i kvalfangsten i Sørishavet, samt ein film om Lord Salvesen og Lordehytta.

Ljosland Fjellhage er ei stifting som driv fjellhagen på Ljosland, og har som målsetting å vise mangfaldet av fjellplanter i landsdelen. Drifta av fjellhagen vert dekkja av kommunen og fylkeskommunen, og Agder naturmuseum har det faglege ansvaret for utvikling og skjøtsel.



5. klasse har gamaldags skuledag i Refsdalen kvart år. Foto: ÅBUS

Skulehuset i Refsdalen vert nytta til formidling, og 5. klasse har gamaldags skuledag i Refsdalen kvart år. Det vert også gjort anna formidling i barnehage og skulen, t.d. om lokale musikktradisjonar.

SAMARBEID

Åseral har ein stor og aktiv frivillig sektor, og mykje av det lokale kulturminnearbeidet i kommunen føregår i regi av frivillige organisasjonar og kulturinstitusjonar, som sogelag, husflidslag og idrettslag. Dette er ein styrke, og lokalbefolkninga sin kunnskap og engasjement er avgjerande for kjennskap til lokalhistorie og kulturminne, og for lokal forankring av kulturminnevernet. Samarbeid med frivillige og lokale krefter vil vere avgjerande for gjennomføringa av kulturminneplanen.

God bevaring er avhengig av at eigarar og ansvarlege forstår verdien av kulturminna. Det er til sjuande og sist eigarane som skal stå for vedlikehald og ivaretaking. Eit godt samarbeid mellom kommunen og eigarane er derfor viktig, og god informasjon og sakshandsaming er ein vesentleg del av dette samarbeidet.

Eit godt samarbeid mellom kommune, fylke og ulike statlege instansar er avgjörande for at forvaltninga av kulturminne skal vera effektiv og god. Samarbeid på tvers av etatane i kommunen er likeeins viktig for å sikre at utvikling skjer i ynskt retning. I Åseral kommune er det ulike kontor som har ansvar for forvaltning, byggesak og arealplanlegging på den eine sida, og utvikling, formidling og verdiskaping i kulturminna og -miljøa på den andre. Kommunen ynskjer å styrke samarbeidet mellom desse etatane, slik at ein får mest mogleg ut av dei virkemidla ein til kvar tid har til disposisjon.

TILSKOTSORDNINGAR OG ØKONOMISKE VIRKEMIDDEL

Det er fleire instansar som gir tilskot til kulturminne.

Riksantikvaren har tilskotsmiddel til freda bygningar og anlegg i privat eige, til sikring og istandsetjing av verna fartøy, til brannsikringsplanar i tette trehusmiljø og til skjøtsel og skilting av automatisk freda kulturminne.

Kulturminnefondet er ei statleg tilskotsordning for private eigarar av verneverdige kulturminne. Ordninga skal bidra til å auka innsatsen frå eigarar og næringsliv for å ta vare på kulturminne, bidra til bevaring og bruk av kulturminne og kulturmiljø for oppleving, kunnskap, utvikling og verdiskaping, samt støtte prosjekt der offentlege og private aktørar samarbeider. I perioden 2003-2017 vart det gitt 7 tilsegn frå fondet til kulturminne i Åseral, på til saman 524 500 kr. Til samanlikning er det i same periode gitt tilsegn til 183 prosjekt i Vest-Agder samla, til ein sum av ca. 22 millionar kr.

Kulturminnefondet gjev tilskot til verneverdige kulturminne, uavhengig av formell status, medan tilskotsordningane hjå Riksantikvaren gjeld freda kulturminne.

Fortidsminneforeningen har i samarbeid med Sparebankstiftelsen Dnb skipa ordninga Kulturminner for alle. Eigarar av kulturminne som står i fare for å verte øydelagde, kan søke. Kulturminna må vere tilgjengelege for ålmenta og ha ein plan for vidare bruk, og ein har fokus på prosjekt med kompetanseoverføring.

Vest-Agder fylkeskommune har tilskotsmidler til mindre kulturminnetiltak.

Nokre av dei tilskotsordningane som Fylkesmannen i Agder forvaltar, kan óg vere relevante for kulturminnevernet. Det gjeld m.a. tilskot innanfor regionalt miljøprogram (RMP).

Vest-Agder-museet disponerer prosjektmidlar til små museum og andre ikkje-kommersielle aktørar som arbeider med kultur/naturhistorie i Vest-Agder. Museum utan fylkeskommunalt



Haustfargar på Ljosland. Foto: Ann Kristin Tollefsen

driftstilskot, lag og foreiningar og andre ikkje-kommersielle aktørar som har et kultur- eller naturhistorisk prosjekt dei ønsker å realisere, kan søke om midlar. Det er og mogleg å søke om rådgivingstenester hjå Vest-Agder-museet.

Stiftelsen UNI gjev også tilskot til istandsetjing av bygningar og kulturminne i privat eige.

Norsk Kulturarv kan gje tilskot gjennom aksjonane «Rydd et kulturminne» og «Ta et tak». Gjennom «Rydd et kulturminne» vert barn og unge engasjerte til å ta del i lokalt kulturminnevern, medan «Ta et tak» er ein aksjon som rettar seg mot våningshus og driftsbygningar.

Åseral kommune har ei eiga ordning med kulturminnetilskot med løpande søknadsfrist. Tildelinga handsamast politisk.

Kommunen disponerer også såkalla SMIL-midlar (Spesielle Miljøtiltak I Landbruket). Hovudmålet med desse midla er å ivareta natur- og kulturminneverdiar i jordbrukets kulturlandskap og redusere forureining frå jordbruket. Det kan m.a. gjevast tilskot til tiltak som ivaretek gamal kulturmark, legg til rette for større tilgjengelegheit og oppleving i landskapet og som held viktige arealar ope, samt til skjøtsel av kulturminne og kulturmiljø.

I kommunen sin vedtekne strategi for SMIL-ordninga er desse tiltaka prioritert:

- Område som høyrer inn under Regionalt Miljøprogram og omsynssone for kulturminne og kulturmiljø i kommuneplanen
- Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt
- Bevaring av kulturmiljø, inkludert freda og verneverdige bygningar
- Tiltak som skal ta vare på gammel kulturmark
- Tiltak som fremmer tilgjengelegheit og friluftsliv.

Ein vil prioritere heilhetlige planar høgare enn enkeltsaker.

Dei fleste private fond krev at tiltaket skal ha verdi for ålmenta, dvs. at det skal vera tilgjengeleg for alle, eller skapa ein samfunnsøkonomisk verdi. Kulturminnefondet krev ein eigenandel på 30-50%, men denne andelen kan dekkast av tilskot frå private stiftingar. Private stiftingar kan også gi tilskot til kommunale prosjekt.

PRINSIPP FOR ISTANDSETTING OG VEDLIKEHALD

Sams for alle tilskotsordningane er at ein skal følgje «antikvariske prinsipp» når ein skal sette i stand eller oppgradere kulturminne. Det er avgjerande at ein tar omsyn til den kulturhistoriske og arkitektoniske karakteren til bygningen.

Riksantikvaren gjev desse gode råda om korleis ein bør gjera:

- Det er betre å vedlikehalda enn å reparera, og det er betre å reparera enn å skifta ut. Sjølv om gamle originale material kan sjå nedbrotne ut, er dei ofte i langt betre stand enn fyrsteintrykket skulle tyde på. Dei vil høgst sannsynleg også halde lengre enn nye bygningsdelar
- Gjer så lite som mogleg, og ta vare på og sett originale delar i stand
- Gamle hus kan gjerne få sjå gamle ut. Ta vare på bygningsdelar som viser slitasje – det er ein del av historia til bygningen
- Bruk tradisjonelle material, konstruksjonar og metodar. Dei tradisjonelle materiala samarbeider gjerne betre saman med eksisterande material
- Gå for kvalitet framfor kortsiktig økonomi. Det løner seg i lengda
- Gjer det riktig frå byrjinga og det held mykje lengre
- Kjenn huset ditt – la det fortelje si historie, sin bygnings-teknikk, sine karaktertrekk og sine svake og sterke sider. Då kan du forstå orsaka til skader, korleis du skal utbetre, kva du bør vere særleg påpasseleg med når det gjeld vedlikehald osv.



Detaljbilete frå restaureringa av buret i Espelid. Foto: Minne kultursenter

NETTRESSURSAR

På desse nettstadene kan eigarar av kulturminne finne vnyttige råd og tips om istandsetting og vedlikehold:

Riksantikvaren (www.riksantikvaren.no/)

Vest-Agder fylkeskommune
(www.vaf.no/tjenester/fylkeskonservatoren/)

Byggeskikksenteret i Flekkefjord
(www.byggeskikksenteret.no/)

Bygningsvernsenteret i Aust-Agder
(www.byggeskikksenteret.no/bygningsvernsenteret/)

Bygg og bevar
(www.byggogbevar.no/)

Gamle trehus (gamletrehus.no/)

***Nå æ solæ gladd a ånæ, a grånæ
av kruskar knodd, av spilemanns knodd, av dansar vodd
Stidde tid, stidde inn boye***

- Lokaltradisjon Åseral -

DEL III

STRATEGIAR



Sosteli

Å heia hå, å heia hå
Kå mykje å klokkå nå
Å heia hå
Kå mykje æ klokkå nå
Heia hå

- Lokaltradisjon Åseral -

«Eg ser deg ut for gluggjin – kjær søte venen minn –
eg kjenner deg på skuggjin, du kan'kje sleppa inn.»

Ref.

I kvell eg gløymde nå kubbin å reisa
Eg meine den guten æ bindande galin
Som inkje kan høyra at far han æ heime-kjær søte venen min
Suril-suril-suril-suril-lei

Skjerkestølvisa - fyrste vers og refreng.

NOKRE STRATEGIAR FOR KULTURMINNEVERN I ÅSERAL

BETRE KOORDINERING, INFORMASJON OG LOKAL FORANKRING

Riksantikvaren anbefaler i sin strategi for arbeidet med kulturarv i kommunane at ansvaret for kulturminne får ein tydeleg plassering i kommuneorganisasjonen. I kulturminneplanen søker ein å oppnå dette gjennom å etablere eit kulturminne-team på tvers av einingane i kommuneadministrasjonen. Ein skal aktivt nytte oppdaterte og digitaliserte databasar (Askeladden m fl.).

God informasjon til eigarar av kulturminne og øvrige innbyggjarar er nødvendig og viktig. Det inneber at ein legg opp til å auke kompetansen om kulturminne, bruk, istandsetting og økonomiske tilskotsordningar.

Innbyggjarar og tilreisande skal få kunnskap om Åseral si historie gjennom god, også digital, formidling av kulturminne og kulturmiljø, med vekt på lokal identitet og lokal historie og tradisjonar.

Kommunen vil aktivt nytte kulturminne i marknadsføringa av Åseral.

KVA SKAL EIN PRIORITERE?

Kommunen må prioritere og sikre at viktige kulturminne vert tekne vare på. Samstundes forvaltar kommunen ei avgrensa mengd ressursar, og difor vil ikkje alle finne att «sitt» kulturminne i planen. Ein kommunal plan skal framheva dei viktigaste kulturminna. Men ein legg sjølvstilt opp til at liste over prioriterte kulturminne skal kunne verte supplert og justert med jamne mellomrom, i samband med at ein reviderer kulturminneplanen.

Åseral omfattar store areal og sers mange kulturminne. Ein har i planen forsøkt å velge ut miljø der fleire kulturminne opptre i samanheng, meir enn enkeltobjekt.

Vidare har kommunen valt å fokusera på nokre overordna tema som synleggjer historia og kulturen i kommunen på ein

god måte, og som ein finn att i dei prioriterte kulturmiljøa og enkeltminna i varierende grad:

Segn, søge og lokale tradisjonar – kulturlandskap og byggeskikk – heieliv – turisme og reiseliv – veg og ferdsle – kraftproduksjon og industri.

Vidare har ein lagt vekt på desse kvalitetane:

- Autentisitet
- Identitet
- Brukspotensiale for verdiskaping, næring og formidling
- Sjeldanhet
- Representativitet
- Alder.

Kulturminneplanen er kommunen sin eigen plan, og omfattar først og fremst kulturminne med lokal verdi. At eit kulturminne er nemnt i kulturminneplanen, betyr ikkje at det har fått noko formelt vern. Planen peiker på nokre viktige miljø med stor kulturhistorisk verdi, og der ein skal ta omsyn til desse verdiane ved byggeprosjekt og i planlegging. Det vil likevel i mange døme vere verna (freda) kulturminne innanfor dei prioriterte kulturmiljøa, og i eitt tilfelle (Vestheia) er heile området omfatta av landskapsvern. Ein har forsøkt å velge ut miljø der fleire kulturminne opptre i samanheng, meir enn enkeltobjekt.

Dei heilhetlege kulturmiljøa er til dels store, og i handlingsplanen legg ein opp til å auke kunnskapen om desse i åra som kjem, gjennom mellom anna kulturhistoriske registreringar og aktiv formidling.

Dei arkeologiske kulturminna som er prioriterte i planen, er slike som ein meiner har eit særleg stort potensiale med omsyn til tilrettelegging og formidling.



Kyrkjebygda i eldre tid

UTVALDE KULTURMILJØ

- Kyrkjebygd
- Ljosland
- Vestheia
- Øygardsmiljøet på Espeliheia
- Lognavatn
- Kylland med Aukland
- Åmland
- Storli

KYRKJEBYGD

Kyrkjebygd er einaste tettstaden i kommunen, og her finst fleire viktige kulturminne: Rekketunet på Berg med buvegen bak husa, kyrkja, Gamle Lorden, skulehuset og gravhaugane med bautasteinar på Prestegarden og Berg. Dei historiske strukturane er godt lesbare, og nyare bygningar er i hovudsak fortetting og utfylling av eldre bygningsmiljø og langs eldre vegliner. Det opne kulturlandskapet mellom Gardsvegen i vest og nord og Dalevegen i aust er ein viktig kvalitet.



Kyrkjebygd, frå eldre tid.



"Gamle lorden" Foto: Arna Berg



Åseral kyrkje. Foto: Tor Olav Rydlene



Kyrkjebygd i midten av 20-åra. Foto: Knut Åknes



Rekketunet under Berg. Foto Arna Berg, 2019



Gamle banken (nummer to frå venstre), Oppas hus og Svendsstova i Austrud. Foto: Arna Berg

LJOSLAND

Ljosland har eit unikt historisk bygningsmiljø, med automatisk freda bygningar frå mellomalderen i Jensstova, Persstova, Svensstova og Torgeirstova, samt eldre hus og Der inne og i Monen. Ein annan viktige bygning er smia til Johannes Ljosland, der han smidde ordførarkjedet. Kulturlandskapet på Ljosland er sermerkt, med steingardane og buvegen gjennom innmarka.



Ljosland, sett frå Ørnefjell. Foto: Gunvor Ljosland



Grindeløe på Ljosland. Foto: Kari Røynlid



Bur som høyrer til Torgeirstova på Ljosland. Foto: Maren Holte



Stova Der Inne på Ljosland er oppført kring 1840, men inneheld gjenbrukte bygningsdelar heilt tilbake til slutten av 1500-åra. Foto: Kari Røynlid



Del av buvegen og smia der Johannes Ljosland smidde ordførarkjedet som vart ferdig i 1991. Foto: Maren Holte

Storskog på Ljosland

Segna seier at tømmeren som vart nytta til det eldste buret på Ljosland, blei hogge på staden. Segna fortel også om storskog. Ho seier at skogen strauk med i ein stor brann som rasa heilt til Sirdal. Både på heia og nede i dalen ved Ljosland har ein funne brende furustokkar liggande i myrane.

- Tradisjon frå Åseral-

VESTHEIA

Kulturmiljøet fell saman med den delen av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde som ligg i Åseral, det vil seie heiområda vest for Návátnmagasinet. Ein tek Vestheia med i planen for å sette fokus på dei mange kulturminna i området. Historisk sett har Vestheia óg har vore eit produksjonslandskap, og er særst rikt på kulturminne frå ulike periodar. Heia har vore veidemark, folk har fiska i vatna her sidan steinalderen, her har ein seinare drive falkefangst og jernvinne av myrmalm. Vestheia har og vore viktig for driftetrafikken, og drifttelegene er i fleirtal mellom dei registrerte kulturminna i området. Fleire større og mindre ferdsleveggar går gjennom heia, og langs dei finst karakteristiske kulturminne som brudle, likkviler og vardar. I nyare tid har Vestheia også vore, og er framleis, eit fritids- og opplevingslandskap. Jaktslottet Lordehytta er det viktigaste minnet frå denne tida.



Vestheia med Sjikkestadlegå i midten av biletet. Foto: Kari Røynlid



Lordehytta slik den står i 2019. Foto: Ann Kristin Tollefsen



Gluggvardlegå i Vestheia. Foto: Frans Arne Stylegard

ØYGARDSMILJØET PÅ ESPELIHEIA

Området omfattar stølane Olavsøygard, Rostøl, Moltehommen, Kjøsevassøygard og Sjevlushomman. Kjøsevassøygard var øygd under Koland, dei andre under Espeli. Stølslandskapet er godt bevart i området, og stølsbuene står framleis på Kjøsevassøygard, Olavsøygard og Moltehommen.

I Moltehommen er også høyløa intakt. Moltehommen er eit prioritert kulturlandskap i regionalt miljøprogram (RMP).



Olavsøygard. Foto: Kari Røynlid



Kjøsevassøygard. Foto: Kari Røynlid



Koland. Foto: Kari Røynlid




Smie på Koland. Foto: Kari Røynlid



Detalj inne, Kjøsevassøygard. Foto: Kari Røynlid

LOGNAVATN

Gardane ved nordenden av Lognavatnet utgjer eit viktig kulturmiljø med stort tidsdjup. Her finst freda bygningar, ikkje minst det segnomsuste Skraddarburet i Austegard og Espeliburet, fleire nokre yngre bur, arkeologiske kulturminne i form av t.d. spora etter stolpekyrkja og gravplassen på Kyrkjevodden, og andre viktige kulturminne som tobakkspinnfabrikken på Nordgard, skulehuset i Refsdalen, samt Åknes kapell med kyrkjegarden.



Austegard og Espelid



Gamalt setehus frå Nordgarden med den gamle lensmannstova. Det blei demontert ikring 1990 og ligg i dag lagra på Austrudsmonen.



Stol produsert på Tobakkspinnfabrikken. Foto: Kari Røynlid



Salve Bortelid viser fram tobakkspinner.



Professoren sitt bur i Espelid vart restaurert i 2004



Frå venstre ser me Åknes med kapellet. Til høgre: Austegard og Espelid. Foto: Knut Åknes.



Gamle Åknes landhandel. Foto: Knut Åknes



Telegraf og postkontor i Åknes. Foto: Knut Åknes



Heimen til professor Knut Liestøl i Espeli. Foto: Maren Holte



Åknes kapell. Foto: Odd Helge Liestøl

KYLLAND MED AUKLAND

Kulturmiljøet på Kylland består mellom anna av dei eldre bygningane langs Dalevegen, inkludert Betel, vippebrønnen og stabburet, den godt bevarte buvegen, fleire steinhagar og øvrig kulturlandskap, løa for lagring av stav, steinkvelvbrua over elva, brukar frå eldre bru og utløene på Aukland.



Buvegen på Kylland. Foto: Maren Holte



Brukar frå den gamle brua til Aukland. Foto: Maren Holte



Ei av fleire høybuer på Aukland. Foto: Maren Holte



Kylland i eldre tid. Vippebrønnen er synleg til venstre i bildet.



Landhandel på Kylland.



Vippebrønn. Foto: Maren Holte

ÅMLAND

Åmland har eit godt skjøtta kulturlandskap med steingardar og andre element. Innmarka vert beita, og kulturlandskapet er prioritert i regionalt miljøprogram (RMP). Garden har eit eldre bygningsmiljø med fleire Sefrak-registrerte bygningar, og serleg det karakteriske, åttekanta trøskjeskjolet har stor verd.



Kornstakk på Åmland.



Trøskjeskjolet på Åmland. Frå gammalt av var det eit stort hjul i midten av bygget som sveiv på ein loddrett aksel. Hest vart brukt til å dreie hjulet rundt for å treskja kornet. Foto: Ann Kristin Tollefsen, 2019



Bygningar på Åmland. Måleri: Dag Telhaug, 1988. Eigar : Tobias Vårdal



Rester av høyløe på Siribekk. Foto: Arne Stensland, 1980-åra.

BJØNNESPRANGET

Bjønnesperanget er ein stad i Heddefossen like utanfor Åmland. Spreke karar greidde å hoppa over. Det er kjent for å vera eit svært hopp. Namnet Bjønnesperanget kjem av ei gamal segn om ein mann som vart elta av ein bjønn. Elva ligg der i ei djup kløft, og der hoppa mannen over og berga livet. Bjønne våga seg ikkje etter.

I nyare tid veit me om tre mann som har hoppa Bjønnesperanget, Lars Mjåland, Petter Åmland og Arne Håvorstad.

STORLI

Storli er ein støl under Berg. Den gamle stølsbua er intakt, og kulturlandskapet på staden er godt skjøtta. Storli vart nytta som skjulestad for folk frå Berg under 2. verdskrig.



Storli i 2018. Foto: Arna Berg



Øygardsliv i Storli på 1940-talet.



Bygda sett frå masta på Lognefjellet. Foto: Ann Kristin Tollefsen

GAMLE VEGAR

- Nordmannsvegen
- Futevegen
- Byvegen
- Ridevegen Ljosland – Knaben
- Øygardsvegen
- Ferdseveg Ljosland - Kvinen

NORDMANNNSVEGEN

Nordmannnsvegen, også kalla Såveskarvegen, var den viktigaste vegen mellom Åseral og Setesdal i eldre tid. Han gjekk over Skomedalsheia ned til Espeli og Austegard i Lognevassbygda, og derifrå langs Lognevatn over Kyrkjevodden og ned Lognedalen til Kyrkjebygd. Vegen er merka med store vegvisarvarder fra Prestvarden til Såveskar. På Prestvorheia ligg fleire brudle og eit skålgropfelt som syner at at heietrafikken mellom Åseral og Bygland har lange og truleg førhistoriske aner.



Brudle på Prestvorheia. Foto: Kari Røynlid



Mellom Åseral og Bygland, her ved Kvæven. Foto: Kari Røynlid

FUTEVEGEN

Futevegen mellom Hornnes og Åseral er ein gamal kløv-, ride- og ferdslveg frå Faret opp gjennom Dåsvalldalen til Uleberg og vidare vest over til Egså. Det var den mest nytta ferdslvegen mellom Åseral og Hornnes i eldre tid. Vegen var rodelaagd, og bøndene på Uleberg hadde plikt til å halde han oppe om vinteren. Store steinheller er lagde ned fleire stader, og over blautmyrene ligg klopper.



Langs Futevegen. Foto: Frans Arne Stylegar



Vadestad langs Futevegen. Foto: Frans Arne Stylegar

BYVEGEN

Byvegen over Bygdeheia vart bygd i 1830-åra som køyreveg, men etter kvart forfallen til rideveg. Vegen var i bruk til 1879, og var hovedvegen mellom Kyrkjebygd og Kristiansand. Byvegen vart merka som turløype i 1993. Ved vegen ligg mellom anna eit varp, som etter tradisjonen vart lagt opp etter at ein mann vart drepen på staden, samt fleire steinhellebruer.



Varp langs Byvegen. Foto: Ann Kristin Tollefsen



Steinbru langs Byvegen. Foto: FLiR

RIDEVEGEN LJOSLAND – KNABEN

Ridevegen var ein del av det viktige vegsambandet Tonstad – Knaben – Ljosland. Det er fleire drifteleger langs vegen, og eit brudle ved Skjerkegreinan.



Brudle langs ferdseisvegen Ljosland - Knaben. Foto: Kari Røynlid



Langs ferdseisvegen Ljosland - Knaben. Foto: Kari Røynlid

ØYGARDSVEGEN

Den gamle ridevegen går frå Kyrkjebygd forbi Sosteli til Nåvatn, der det var vad over. Veggen går vidare gjennom Landdalen til Eiken. Han er merka med småvardar (knyllingar) over Øyvassheia, og var i bruk fram til 1940-åra, som ein av dei sentrale heieovergangane mellom Åseral og Eiken. Var og øygardsveg til Skjerkestøl, seinare Øygardstjønna og Koven. Veggen dela seg rett før Oppstiget som ligg ovafor bua til Larsstova ved Øygardstjønna. Det vert fortalt at eit brurefølje kom ut for eit fælt over på Øyvassheia og omkom. Steinane som vart lagt ned minner om hendinga og heia vart etter dette omtala som Bruleheia.



Foto: Tor Reidar Austrud

FERDSELSVEG LJOSLAND - KVINEN

Ferdseisvegen frå Ljosland til Kvinen går truleg i om lag same trase som DNT-løypa går i dag. På Ljosland ligg det nokre store steinar langs traseen som i dag er veg. Desse steinane kalla dei gamle på Ljosland for Normannsteinane. Truleg vart dette namnet brukt fordi veggen vart brukt som ein handelsveg. Bilete: Kari Røynlid



Foto: Kari Røynlid



Brelandslomma, sydd av Sigrid Sløgedal etter den gamle lomma frå bruket Hansstova på Breland. Eigar: Arna Berg

ANDRE PRIORITERTE KULTURMINNE

Kulturminne som har stor lokal verdi, og som ligg utanfor dei prioriterte kulturmiljøa:

- Mjølkebua i Torslandskryssset
- Bedehuset på Rosseland
- Lars Mjåland sin heim, Mjåland
- Bakstehus på Røyddan
- Hestetron i Fiskårdalen og Linddalen
- Bjønnebua på Mjåland
- Rjukanfossen, ruinar etter eldre kraftstasjon
- Breland skulehus
- Egså sagbruk – stem, ruinar
- Smia på Koland
- Hytte ved Stasvatn
- Flyvrak på Snøhei
- Buret på Bortelid
- Øygarden under Velifjeddet

ANDRE LOKALT VIKTIGE KULTURMINNETYPAR

I tillegg til dei utvalde kulturminna, vil kommunen peike på nokre kulturminnetypar som spesielt viktige i Åseral:

- Øygardsbuer
- Bur
- Badstover
- Kvernhus
- Utløer

ARKEOLOGISKE KULTURMINNE

Eit utval av arkeologiske kulturminne som kommunen vil prioritere i skjøtels- og formidlingssamanhang i samarbeid med fylkeskommunen og andre aktørar:

- Åstøl (jernvinneanlegg)
- Sosteli (gardsanlegg)
- Kyrkjevodden (kyrkjetuft og kyrkjegard)
- Berg (gravhaugar med bautaer)
- Gyvatn (steinalderbuplassar)
- Grokleiv (gravhaugar)
- Torsland (gravhaugar)

LOKALE TRADISJONAR

Viktige tema er:

- Skraddarsoga og andre segner
- Eventyr
- Folketoner
- Slåttetradisjonar
- Flatbrød- og lefsetradisjonar
- Veving og teppetradisjonar
- Draktttradisjonar
- Åsdølmålet
- Treskjering

MJØLKEBUA I TORSLANDSKRYSSET



Mjølkebua i Torslandskrysset, truleg satt opp like etter 2. verdenskrig. Mjølke og fløte vart sendt til Bjelland meieri. Bilete frå 2019. Foto: AK Tollefsen

BEDEHUSET PÅ ROSSELAND



Bedehuset på Rosseland, oppført i 1927. Innvendig er bedehuset likeeins som då det vart bygd med storsal og lisesal med lemmar i og trev (galleri). Kjellaren blei brukt til matsal og kjøkken fram til 1963. Foto: Norges bebyggelse

LARS MJÅLAND SIN HEIM



Huset til venstre er Lars Mjåland sin heim. Han var både songar og spelemann. O. M. Sandvik skriv om Lars Mjåland i Norske bygder: Vest-Agder 1: «Lenger nede i Aaserall møtte jeg en ung mann, Lars Mjaaland, som var ualmindelig interessert i all hjembygdens tradition og samlet hvad han kom over. Som god sanger og felespiller forstod han å gjengi alle eiendommeligheter i den gamle musikk». Foto: Knut Åknes

BAKSTEHUS PÅ RØYDDAN



Gamalt bakstehus på Steinsbruket, Røyland. Bakstehus var vanleg på alle gardane før i tida. Her baka dei flatbrød og lepsa. Når dei skulle baka jolelepson, måtte dei passa på å baka i lepsetøyren (mildver før jol) for då var det ikkje så kaldt å stå ute i bakstehuset. Byggemåte og tømmer tyder på at buret kan vere frå perioden 1650-1750. Foto Arna Berg, 2018.

BJØNNEBUA PÅ MJÅLAND



Bjønnebua på Mjåland. Denne vesle bua skal vera frå 1700 talet. Staden var ein samlingsplass for buskapeen om nettene. Og i bjønnebua låg folk og vakta buskapeen mot angrep av bjørn. Vart seinare flytta til den andre sida av vegen. Foto: Åseral kommune



Bjønnebua i 2019. Foto: Maren Holte

HESTETRON



Hestetron i Fiskårdalen. Før vegen mellom Hornnes og Åseral over Staven vart køyreveg, gjekk transport av både folk og varer med hest. Både i Fiskårdalen og i Lindalen finn ein hestetron (drikkekar) der hesten kunne få seg noko å drikka på vegen. Foto: Odd Helge Liestøl



Hestetron i Lindalen, ferdselsåra frå Hornnes til Åseral. Foto: Ann Kristin Tollefsen

RJUKANFOSSEN - KRAFTVERK



Kirkebygdens elektriske anlæg vart sett i drift i 1914, som eitt av dei fyrste kraftverka i Åseral. Kraftverket vart bygd av grunneigarane. Kraftverket forsynte heile Kyrkjebygda med straum. VAE kjøpte anlegget i 1922. Foto: Maren Holte

BRELAND SKULEHUS



Breland skulehus. Skulehuset vart oppført i 1898 og var det minste skulehuset i heile fylket. Det blei flytta til der det står nå i samband med utskiftinga i 1927 og påbygd på 50 talet til slik det er i dag. Foto: Maren Holte, 2019

EGSÅ SAGBRUK



Ved Saghylen innafor Stinemyr på Egså var det tidleg på 1900-talet eit stort sagbruk. Her var høvleri, turka, snekkarverkstad og ei kvilebrakke. Sagbruket vart lagt ned i 1930-åra. Foto: Astrid Nesland, 2007

HYTTE VED STASVATN



Bua ved Stasvatn er den einaste som står att av dei 7 hyttene som vart bygd for gjestene ved Åseral Turisthotell. Foto: Kari Røyndid.

BUR I BORTELID



To bur stod opprinneleg på bruket Liæ på Breland. Håkon Torsland kjøpte og flytta bura opp til Håkonseter tidleg på 1970-talet. Håkon nytta det største buret som bustad den fyrste tida han dreiv hotellet. Seinare vart dei leigd ut som ein del av hoteldrifta. Foto: Arthur Tollefsen, 2019

FLYVRAK PÅ SNØHEI



Eit Lancaster bombefly styrta 22. desember 1944 i Snøhei, Reiersdal. Sju mann omkom. Biletet viser då motoren blei frakta ned frå heia med hest. Foto: Åseral kommune



Ein kan framleis finne rester frå flyvraket i heia. Foto: Odd Helge Liestøl

ØYGARDEN UNDER VELIFJEDDET



Øygarden under Velifjeddet. Høyrrer til bruket Syvertstova på Ljosland. Den einaste øygarden vi kjenner til i Åseral som framleis har den gamle byggemåten med øygardsbu og flor(fjøs) i eitt. Foto: Magnus Torvund



Den nye øygardsbua under Velifjeddet ligg om lag 100 meter frå den gamle øygarden. Det var gutane i Syvertstova som bygde den. Bua vart lafta heime på Ljosland og køyrd på heia i 1945. Foto: Magnus Torvund

ARKEOLOGISKE KULTURMINNE

Eit utval av arkeologiske kulturminne som kommunen vil prioritere i skjøtsels- og formidlingssamanhang i samarbeid med fylkeskommunen og andre aktørar:



I 2017 vart det gravd ut eit **jarnvinneanlegg** frå yngre romartid (200-400 e.Kr.) ved Åstølvatnet. Framstilling av jarn til våpen og reidskap var trulig ein viktig del av grunnlaget for busetnaden i Sosteli. Foto: Kari Røynlid



Sosteli er eit av dei best bevarte gardsanlegga frå jernalderen i Norden. Foto: Vest-Agder fylkeskommune/Frans-Arne Stylegar



I mellomalderen stod det eit **kapell på Kyrkjevodden** ved Lognavatn. Fram til år 2000 var kapellet rekna for å vere ei «sagnkyrkje», men ei arkeologisk registrering dette året viste at det hadde vore ei stolpe-kyrkje og ein gravplass på staden. Foto: Knut Åknes



Berg, gravhaug med bautastein

Staden der prestegardshusa no står kalla dei i eldre tid Haugan, fordi det var så mange gravhaugar der. Ein haug skilde seg ut frå dei andre og låg midt ute på jordet. Det stod frå gammalt av ein bautastein på denne haugen. Bautasteinen vart ei tid flytt til kyrkjegardsmuren då det vart planlagt kornmagasin, men kom attende til gravhaugen i 1955. Foto: Arna Berg, 2019



Det fins fleire registrerte **steinalderbuplassar** ved Gyvatn. Foto: Kari Røynlid



I Grokleiv, langs den gamle Mandalsvegen til Kyrkjebygd, ligg fleire **gravhaugar frå jernalderen**. Foto: Maren Holte, 2019



Frå det eine av to bevarte **gravfelt frå jernalderen** på Torsland. Foto: Maren Holte, 2019

LOKALE TRADISJONAR

EVENTYR, SKRADDARSOGA OG ANDRE SEGNER

Når ein høyrer folk fortel om gamle dagar, kan ein ofte lura på om det er oppdikta eller sant. Åseral har ein munnleg tradisjon med mange soger og segner som fins i mange ulike variantar. Mange av desse sogene og segnene er nedskrivne, blant anna av Knut Liestøl.

Eventyr

Åseral har fleire lokale variantar av eventyr, mellom anna «Dei tri mostrene»

DEN STORE MUSÆ SOM ÅT SO MYKJE

De va ei gong ei mus sum va so fæl ti å eta. Fyst åt ho upp ei bytta mæ graut å ei kinna mæ saup, å så tok ho ut på leiting ette meir mat. Då ho ha jenge ei stunn, kåm ho ti ein mann å ei kjedding sum sat unne ein stovevegg. "Eg he kje ete mykje i dag" sa musa. "Ko mykje he du ete?" sa dei. "Ei bytta mæ graut å ei kinna mæ saup, å nå et eg upp dukku, mann å kjedding unne stovevegg," sa musa å åt dei upp.

Eventyr fortald av Gyro Knutsdotter Austegard, skriva ned av professor Knut Liestøl i 1916.

DANSARHEDDÅ OG SPELEMANNSSTEINEN

Dansarheddå og Spelemannssteinen ligg på Ljosland, rett nord for garden i vegkrysset til Kvernevåtn. Ungdomane dansa oppå der. Det skal vera merke etter dansarringen. Ved sidan av ligg Spelemannssteinen, forma som ein "stol" som spelemannen sat på.

HUNDEN I RYSEHOLÅ

I Husefjedde på Smeland er det ei stor hule der opninga liknar ei dør utanfrå. Denne hola blei kalla Ryseholå. Ungane blei skremde med denne holå. Der måtte dei aldri gå inn, for då kom dei ikkje ut att. Ein gong skulle ein hund ha gått inn. Han kom ut att i Sirdal, og då var han heilt snau.

SKOMAKAREN PÅ OMESTØLFJEDDET

På Snøfjedde er der ein huk på fjellet som ser ut som ein stol. Når ein er på Omestøl ser ein rett opp på den. Det heiter seg at ein gong var der ein skomakar som hadde drepe ein mann. Det var ei såpass alvorleg handling at han måtte bøta med livet som straff. Men etter mykje fram og tilbake fekk han ein siste sjanse. For å behalda livet måtte han sitja ytst på ufsa på Snøfjedde, rett yve Omestøl, å sy eit par sko. Viss han klarte det utan å detta ned, skulle han få behalda livet. Då han var ferdig med ein sko, og skulle starta på den andre, glapp den ferdige skoen ut av hendan på han. Han skulle gripa etter den, men mista balansen, datt utfor, og mista livet.



Professor Knut Liestøl. Listøl vart fødd i Espeli i 1881. Han var professor i folkeminnevitenskap 1917-1952 og grunnleggjaren av Norsk folkeminnesamling. Han gjorde og ein stor innsats i utforskning av norsk folkediktning og munnleg tradisjon. Han var kyrkje- og undervisningsminister i 1933-1935.

SKJOLDMØYSTEINANE

Skjoldmøysteinane er nokre store sundkløyvde steinar som stend i bumarka på Forgard, nord med Frauånæ. Det var ein prest som sette dei der, fordi dei forstyrta gudstenesta.

TJOVESKORA PÅ TORSLAND

Segna seier at det var ein mann frå Breland som gjekk over heia og ned til Torsland. Der stal han ein okse om natta. Oksen førde han opp skora på vestsida av Torsland og heim til Breland. Skora heiter derfor Tjoveskåra.

SØREN SCHIVE OG TOBAKKSDÅSEN

Når Søren Schive var til Åseral tok han vegen over Flottorpsheidi. På ei av ferdene sine fann han noko som glima so bort i fjellet. Søren meinte det var kopar og tok til aa mina og skjota. Men han slutta snart. Kvar gong Søren skulde over Ørevatnet fekk han med ein kjend mann til å ro. For der er ofte harde vindkast og fårleg å fara for ukjende folk. Ein gong dei rodde over bles det stygt. Mannen skalv av redsle og sa at dei sette livet til. Men Søren sat roleg, tok opp tobakksdåsen og kasta den på vatnet, og so stilna stormen.



Pytten

OLA PYTTEN

Ola Pytten reiste mykje på handel. Han tente godt på dette, særleg fuglehandel. Han var ein god historieforteljar og det fins fleire gode historiar etter han.

Dei blei fortalt at Ola Pytten eingong under krigen fekk brev frå lensmannen i Bygland, om at lensmannen hadde fått greie på at han snora ulovleg. Brevet var undertekna: Heil og sæl, Ottar Abusland. I svarbrevet skulle Ola Pytten ha skrive at han snora kvar han ville, og kor lenge han ville. Og underskrifta var: Dill og dall, Ola Pytten.

Ola Pytten lå på Gaukhei med drift. Men der var mange turistar, og nokre av desse ville kjøpa mjølk av han. Dette blei han lei av, og ein dag dei kom medan han net var ferdig med å mjølka, fann han på noko som raskt gjorde slutt på mjølkehandelen. Då han skulle sila mjølka, drog han opp underskjorta or buksa og silte gjennom den. Det gjorde visst inntrykk på byfolka.



Kjeddningsteinen

Langs vegen til Juvassdammen ligg ein stor stein som heilt tydeleg ikkje har kome ned fjellet sidan han då ville ha landa langt ute på myra. Dette har gitt opphav til ei segn om at det var ei trollkjerring som kom berande med steinen og sette han ned der i år 1000, og ho skulle koma att i år 2000 for å henta han. Dette tala folk om i Lognevassbygda då år 2000 kom, men trollkjerringa har ennå ikkje kome. Foto: K.Røynlid



Løkjelyptet

Fleire stader finn ein enno steinar som var eit karstykke, ein styrkeprøve. Løkjelyptet er ein avlang stein. Karstykket gjekk ut på å lyfta steinen med ei hand. Sidan steinen er så smal i enden, må ein vere sterk i klypa for å greie dette.

Namnet fekk han fordi han frå gammalt av låg nær Løkjina, ved vegen til Juvassdammen. Løkjelyptet ligg i dag i Austegarden. Foto: Kari Røynlid



Skiphedderen ved Øre

Det vart fortalt at Heilag-Olav skal ha sigla inn under ein stor heller som ligg eit stykke nord for der Skjerkeåna renn ut i Øre, kalla Skiphedderen, og kom ut att i Nidaros! Foto: Tor Reidar Austrud, 2019



Blodsteinen

Austrudsmannen og Bergsmannen slost om kven som eigde jord. Det enda med at Austrudsmannen slo i hel Bergsmannen. Dette skjedde ved ein stein som etter dette fekk namnet Blodsteinen. Steinen ligg på Løkjen, ovanfor skytebanen, på høgre sida av vegen mot Ljosland. Det er blodflekkear på steinen som ikkje forsvinn. Foto: Kari Røynlid

FOLKETONER

Åseral har hatt ein rik folkemusikktradisjon, spesielt på vokalsida, med røter langt attende i tid. Professor Knut Liestøl (1881-1952) gjorde voksrullopptak av song og spel alt i 1921. Seinare hadde Knut Liestøl med seg personlegdommar som Rolf Myklebust til heimegarden sin, Espeli. Myklebust vart umåteleg begeistra for songtradisjonen, og gjorde mange opptak for NRK.

Dei mest kjende folkemusikarane frå Åseral er Ingebjørg Liestøl (1900-1996), Jens Røynlid (1899-1989) og Lars Mjåland (1888-1966)



Familien Liestøl ved Olavsøygard



Ingebjørg Liestøl (1900-1996)

SLÅTTETRADISJONAR

Ingeborg Austegard (1750-1806) var langeleikspelar frå Austad i Bygland, og blir rekna som den som kom med slåttespelet til Åseral. Etter ho kom mange kjende spelmenn på fele og etter kvart hardingfele. Spelet og dansen var ein naturleg del i bryllaup og samkomer. Tradisjonen dydde gradvis ut utover 1900-talet, men me finn framleis spor av den i bøker, notenedskrifter og på opptak. Dei mest kjende spelemennene i Åseral var Olav Grundeson Austegard (soneson til Ingeborg (1821-1885), Anders Espeli (1850-1918), Hans Mjåland (1841-1906), Lars Mjåland (1888-1966), Ånund Koland (1896-1976) og Gunnar Austegard (1883-1972).



Gunnar Austegard spelar i stova i Espelid. Knut Liestøl til høgre



Ånund Koland spelar fele i bryllaupet til Kari og Jens Røynlid i 1924.

FLATBRØD- OG LEFSETRADISJONAR

Flatbrød og lefse har alltid vore viktig mat i Åseral, flatbrød til kvardags og lefse til kvelds. Før komfyren med bakarovn kom, var flatbrød den viktigaste kvardagsmaten.



Nybakte lepsar. Foto: Arna Berg



Klinde lepsa med skoning. Foto: Arna Berg



Nysteikt flatbrød. Foto: Arna Berg



Pannesteikt aure. Foto: Arna Berg



Glosteik. Foto: Arna Berg

VEVING OG TEPPETRADISJONAR

Det stod vevstolar i alle heimane i Åseral i gamal tid. Åseral var kjend for mange teppemønster, blant anna vann Ingeborg Kaddeberg (1874-1951) alt i 1903 sylvmedalje for eit teppe på Verdsutstillinga.



Teppe av Ingeborg Kaddeberg (1874-1951) I 1903 fekk ho sylvmedalje for dette teppet på Kulturmønstring - Verdsutstillinga. Medaljen vart overrekk av Kong Oscar II i 1904. Omlag 10 år etterpå, frå 1913-14 studerte ho ved Statens Kunst- og Haandverksskole. Gerd Neset arva dette teppet og selde det vidare til Fylkesmannens landbruksavdeling i oktober 1997. Fylkesmannen i Vest-Agder gav teppet vidare som ei gåve til Minne Kultursenter i høve opninga av senteret i 2010. Teppet heng i utstillinga på Minne Kultursenter.



Utsnitt av bånetæpe. Frå gammalt var dette eit viktig teppe som var på alle gardar, fordi dette skulle dåpsbarnet berast til dåpen i. Dette bånetæpe blei sist brukt ved barning i 2006. Foto: Kari Røynlid

DRAKTTRADISJONAR

Åseral hadde fleire lokale sylvsmedar, og det fins sylv og søljer som er i bruk i dag som er laga av desse sylvsmedane.

Sylvknappen som vert brukt på Vest-Agder bunaden vert kalla Åseralsknappen.

Mønsteret på herresokken i Vest-Agder bunaden er opprinneleg frå Åseral, brukt her som brudgomssokk.



Reisle, brurepynt, frå Nordgarden, Lognavatn. Brurepynten har mykje sylv, perler, fargerike silkeband og hubroffører måla i rosa og turkise fargar. Reisla er laga av Marit Ånundsdotter Nordgard (1826-1905). Ho var utdanna skreddar. Kari Røynlid (biletet) brukte denne då ho gifta seg i år 2000.



Åseralsknappen (og kalla molteknapp) Knappane som vert brukt i Vest-Agder bunaden vert kalla Åseralsknappen. Knappen er ein kopi av ein knapp frå Åseral.



fv. **Sølje** frå "Der Nord" og sølje laga "Der Nede" i Austegarden.




Tæge-korg laga av Kristen Olsson Austegard-Kylland (1849-1936) då han som gut gjætte buskape. Flettebandet har tilhøyret Sigrid Drengsdtr. Åknes (1846-1930). Dei andre banda og mansjettane er etter borneborna hennar. Eigar: Kristine Thorsland



Brudgomssokk med mønster frå Åseral, Vest-Agder bunad

ÅSDØLMÅLET

Åsdølmålet er viktig for identiteten til åsdølen. Didrik Arup Seip skreiv alt i 1915 boka «Lydverket i åsdølmålet».



Didrik Arup Seip (1884-1963). Foto: Ukjent, Oslo Museum

TRESKJERING

Treskjerjing har vore vanleg i alle tider i Åseral. Tradisjonen har vore levande fram til i dag. Bygdeutstillinga i Åseral har vore viktig for å vise fram alle dei fine arbeida.



Treskjerjing frå verkstaden til Sigvald Ljosland (1918-1985)



Treskurd laga av Egil Arne Eriksen (1944-2018)



Gåve til bygdeutstillinga 2003, frå Johannes Ljosland (1920-2005)

HANDLINGSPLAN

OVERORDNA TILTAK

Stad	Tiltak	Ansvarleg	Finansiering	Prioritert i 2020
Minne kultursenter	Utarbeide utviklingsplan og strategi	Kommunen og Minne kultursenter	Kommunen	Ja
	Vurdere å flytte Nordgardshuset til Minne	Kommunen og fylkeskommunen	Kommunen og fylkeskommunen	Ja
	Kurs i intervju, lagring og formidling av lokal kulturhistorie	Sogelaget, kommunen og Minne kultursenter	Gratis	Ja
Heile kommunen	Opprette kulturminneteam på tvers av einingane i kommunen	Kommunen	Kommunen	Ja
	Få i stand ein fast budsjettpost til gjennomføring av tiltaka i handlingsdelen	Kommunen	Kommunen	Ja
	Infokveld med Kulturminnefondet og Fortidsminneforeningen	Kommunen, Minne kultursenter og sogelaget	Kommunen og kulturminnefondet	Ja
	Utarbeide designmal for skilting av kulturminne i kommunen	Kommunen	-	Ja
Ljosland	Sikring av smia til Johannes Ljosland	-	Kulturminnefondet	Ja
Vestheia	Lordehytta, treskjering, nye figurar/istandsetjing	Grunneigar, kommunen	-	Ja
Lognavatn	Tilstandsrapport/plan for vedlikehald av tobakkspinnfabrikken	Grunneigar, kommunen	Kulturminnefondet, grunneigar, kommunen	Ja

OVERORDNA TILTAK, UPRIOTERT REKKEFØLGE

Stad	Tiltak	Ansvarleg	Finansiering	Når
Sosteli	Utarbeide skjøtselsplan og strategi for å styrke staden som besøksmål	Kommunen og fylkeskommunen	Kommunen og fylkeskommunen	-
	Vurdere nye undersøkingar av naturvitenskapelig materiale frå utgravingane	Fylkeskommunen	Kommunen og fylkeskommunen	-
Fleire	Legge inn prioriterte kulturmiljø og kulturminne i Askeladden	Kommunen	Kommunen og fylkeskommunen	-
	Lage planar for skjøtsel og skilting av prioriterte arkeologiske kulturminne	Fylkeskommunen	Fylkeskommunen og kommunen	-
Heile kommunen	Opprette lokal kulturminnepris	Kommunen	Kommunen	-
	Lage FDV-plan for kyrkjene i kommunen	Kommunen	Kommunen	-
	Dokumentere lokale handverkstradisjonar	Minne kultursenter, sogelaget og husflidslaget	-	-
	Lage digitalt kulturminnekart (segn og soge) til bruk i skule og barnehage	Minne kultursenter, sogelaget og kommunen	-	-
	Vidareutvikle lokalsamlinga på biblioteket	Biblioteket	-	-
	Lage strategi for å få fram lokale produsentar av tradisjonsmat	Kommunen	-	-
	Lage oversikt (kart og omtale) av alle automatisk freda, fysiske og immatrielle kulturminner i kommunen	Kommunen	-	-

TILTAK I UTVALDE KULTURMILJØ I UPRIORITERT REKKEFØLGJE

Dette er eit oversyn over nokre viktige tiltak for å istandsette og formidle kulturminne i dei utvalde kulturmiljøa. For dei fleste tiltaka gjeld det at ein er avhengig av lokalt initiativ og godt samarbeid med grunneigarar for å gjennomføre dei. Med nokre få unntak er det derfor ikkje konkretisert kven som har ansvar for gjennomføring, eller når tiltaket skal verte gjennomført. Punktet om økonomi er meint som rettleiing for å finne aktuelle tilskotsmedel.

Stad	Tiltak	Ansvarleg	Finansiering	Prioritert i 2020
Fleire	Byggeskikkrettleiar	Kommunen	Kommunen og fylkeskommunen	-
	Naturlosturar til utvalde kulturmiljø	Fleire	-	-
Kyrkjebygd	Ferdigstille istandsettinga av skulehuset	Sogelaget	-	-
	Informasjonsskilt om kyrkja som kulturminne	Kyrkja og kommunen	Kyrkja og kommunen	-
	Oppstillingsplass for spesielle/verneverdige gravminne på kyrkjegarden	Kyrkja	-	-
Kylland	Sette i stand vippebrønnen	-	Kulturminnefondet	-
	Ryddde buvegen	-	Rydd eit kulturminne	-
	Tilstandsrapport/plan for istandsetting av utløer på Aukland	-	Kommunen, Fylkesmannen og fylkeskommunen	-
Ljosland	Tilstandsrapport/plan for istandsetting av bygningar	-	-	-
	Skilting av utvalde kulturminne	Kommunen	-	-
	Informasjonsskilt ved Skraddarburet	-	-	-
	Informasjonsskilt på Kyrkjevodden	-	-	-
Lognavatn	Informasjonsskilt i Espeli (heimen til Knut Liestøl)	-	-	-
	Informasjonsskilt ved kyrkja	-	-	-
	Oppstillingsplass for spesielle/verneverdige gravminne på kyrkjegarden	Kommunen og kyrkja	-	-
Åmland	Tilstandsrapport/plan for vedlikehald av skulehuset i Refsdalen	Kommunen	-	-
	Tilstandsrapport/plan for vedlikehald av treskjeskjolet	-	-	-
Øygarmsmiljøet på Espeliheia	Åringsdateringer – stølsbuer	Kommunen	Kommunen og fylkeskommunen	-

GAMLE VEGAR, UPRIORITERT REKKEFØLGJE

Stad	Tiltak	Ansvarleg	Finansiering	Når
Nordmannsvegen	Open gapahuk/ overnattingsbu	-	Friluftsrådet	-
Futevegen	Open gapahuk/overnattingsbu	-	Friluftsrådet	-
Byvegen	Open gapahuk /overnattingsbu	-	Friluftsrådet	-
Ridevegen Ljosland – Knaben	Open gapahuk/ overnattingsbu	-	Friluftsrådet	-
Gamle Nåvassvegen	Open gapahuk/overnattingsbu	-	Friluftsrådet	-

ANDRE KULTURMINNETILTAK, UPRIORITERT REKKEFØLGJE

Stad	Tiltak	Ansvarleg	Finansiering	Når
Mjølkebua, Torslandskrysset	Tilstandsrapport/plan for istandsetting	-	-	-
Bedehuset på Rosseland	Tilstandsrapport/plan for istandsetting	-	-	-
Bakstehus, Røyddan	Tilstandsrapport/plan for istandsetting	-	-	-
Rjukanfossen	Ny bru, rydding og skilting av ruinane etter kraftstasjonen	Sogelaget og kommunen	-	-
Heimen til Lars Mjåland	Informasjonsskilt	-	-	-
Bortelidjtønna	Kultursti med bilete frå gamal og ny tid	-	-	-
	Flytting og ny bruk av buret på Bortelidseter	-	-	-

LOKALE TRADISJONAR, UPRIORITERT REKKEFØLGJE

Stad	Tiltak	Ansvarleg	Finansiering	Når
Heile kommunen	Lokal dugnad for å gjere kulturminne knytt til segn og soge tilgjengeleg i Hidden el. motsvarande appar	Kommunen, Minne kultursenter og sogelaget	-	-
	Gjere ferdig/gje ut kultursoga for Åseral	Kommunen og sogelaget	Kommunen	-
	Kurs i tradisjonshandverk, forteljarkurs og guidekurs	Kommunen, Minne kultursenter, sogelaget og husflidslaget	-	-
	Dokumentere folkemusikk og instrument laga i Åseral	Minne kultursenter og sogelaget	-	-
	Dokumentere lokale mattradisjonar	Minne kultursenter og sogelaget	-	-

KJELDER

- M. Alsvik & J. Alsvik 1994. Bilete frå Åseral : glimt frå det gamle naturalhushaldet i bygda formidla av Anna Grostøl. Hafrsfjord: Hafrsfjord forlag.
- J. Andreassen (red.) 1993. Vilhelm Krag skriver III. Terje Vigen – Sommer i Skjærene – «Den religiøse orkan» i Åseral. Søgne: Jostein Andreassen.
- N.T. Augland (red.) 2000. Utbyggingen av Skjerka kraftverk i Åseral. Et historisk tilbakeblikk. Kristiansand: Vest-Agder Energi.
- N. Austegard 2006. Austegard Elektrisitetsverk. Årsskrift Åseral sogelag 2006, s. 3-5.
- A. Berg 1996. Åseral Turisthotell. Årsskrift Åseral sogelag 1996, s. 3-7.
- A. Berg 2000. Gamle skulehus i Åseral. Årsskrift Åseral sogelag, s. 3.
- A. Berg 2006. Kirkebygdens elektriske Anlæg, Aaseral. Årsskrift Åseral sogelag 2006, s. 6-9.
- A. Berg 2007. Bedehuset på Rosseland. Årsskrift Åseral sogelag 2007, s. 20-22.
- A. Berg 2011. Kulturminnedagen 2009 – kvennhuset på Eikild. Årsskrift Åseral sogelag 2009 – 2010 – 2011, s. 8-10.
- Borteli Småindustri – Tobakkspinnfabrikken. Årsskrift Åseral sogelag 2004, s. 9-11.
- M. Breilid 1974. Kultursoga for Bjelland og Grindheim. Mandal: Bygdesogenemndene.
- B. Breivik 1968. Misjonshøvdingen Oscar Handeland. Åsdølen fekk heidersnavnet «misjonens Snorre Sturlason». Årbok for Agder bispedømme, s. 132-134.
- O. T. Breland 1999. Høneland og Våland, Liland og Nesland. Årsskrift Åseral sogelag 1999, s. 16.
- O. Bø. 1950. Noko om ferdsla til og frå Setesdal i gamal tid. Syn og Segn, s. 416-427.
- O. Dommerud 1970. Fra watt til megawatt. Lys og kraft i Vest-Agder gjennom 50 år. Kristiansand: Høgfeldt.
- B. Enes 1995. Ljoset skulle koma frå Åseral! 75 år med lys og varme. Vest-Agder Energiverk 75 år, s. 16-23. Kristiansand: VAE.
- S. H. Finne-Grønn 1897. Familien Tostrup fra Lister, samt Foged Tostrups beskrivelse af Lister og Mandals amt af 1743. Kristiania: Thronsen & co.s bogtrykkeri.
- Aa. Fiskland 1954. Gjesting og handel på Ljosland i gamle dager. Kristiansand og opplands turistforenings årbok 1954, s. 28-29.
- B. Furre 1990. Soga om Lars Oftedal 1. Oslo: Samlaget.
- R. Gjellebøl 1800-1801. Beskrivelse over Sætersdalen i Christiansands Stift. Topographisk Journal For Norge, 26, s. 1-177 og 27, s. 1-73.
- O.T. Haddeland 2007. Bedehusa Berøa og Betania. Årsskrift Åseral sogelag 2007, s. 23-26.
- T.N. Hageland 1989. Heieliv i Hekkfjeddet. Heieområdet Fjotland/Eiken/Åseral. Flekkefjord: Eiken sogelag og Åseral kommune.
- T.N. Hageland 1998. Murar og hellerar i heiane. Drifteheiane i Rogaland og på Agder. Kristiansand: Fylkeskonservatoren i Vest-Agder.
- T.N. Hageland 2000. Gamle veger i Vest-Agder. Kristiansand: Statens vegvesen Vest-Agder.
- T.N. Hageland 2008. Den store hellerboka for Agder og Rogaland. Kristiansand: Vest-Agder fylkeskommune.
- A. Hagen 1953. Studier i jernalderens gårdssamfunn. Oslo: Universitetets oldsaksamling.

- O. Handeland 1966. Vårløysing I-III. Andre utgåva. Bergen: Lunde.
- A. Helland 1903. Norges land og folk. Topografisk-statistisk beskrevet. 10.2. Lister og Mandals amt. Byerne og herrederne. Kristiania: Aschehoug.
- A. Herstad & A.N. Sætre 2011. Kulturminner på Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei. En statusrapport. Skien: Telemark fylkeskommune.
- P. Holm 1794-1796. Forsøg til en Beskrivelse over Lister og Mandals Amter i Norge. Topographisk Journal for Norge 8, s. 35-114, 9, s. 57-128, 10, s. 37-128, 12, s. 1-63 og 13, s. 1-132.
- C.A. Jessen & F.-A. Stylegar 2012. Ødegården Sosteli i Åseral fra romertid til vikingtid. Viking 75, s. 131-144.
- C.A. Jessen & F.-A. Stylegar 2014. Fra arkivets skattekasse – gamle prøver giver ny viden om jernalderbebyggelsen Sosteli i Norge. Nationalmuseets Arbejdsmark 2014, s. 172-185.
- O.A. Kalhovd 2005. Aaseral sanatorium. Årsskrift Åseral sogelag 2005, s. 6-10.
- O.A. Kalhovd 2005. Åknes og Nordgarden Elektriske Anlæg. Årsskrift Åseral sogelag 2005, s. 16-17.
- J.H. Larsen 2009. Jernvinneundersøkelser. Varia 78. Oslo: Kulturhistorisk Museum.
- O. Leirvik 1952. Åseral sparebank, 1901-1951. Kristiansand: Banken.
- O. Leirvik 1953. Åseral herad. Det norske næringsliv. Vest-Agder fylkesleksikon, s. 247-254. Bergen: Det norske næringslivs forlag.
- O. Leirvik 1957. Åseral. Norges bebyggelse. Sørliche seksjon. Herredsbindet for Vest-Agder, vestre del, s. 812-825. Oslo: A/S Norsk faglitteratur.
- G. Liestøl 2002. På sporet av steinalderens åsdøler. Årsskrift Åseral sogelag 2002, s. 3-10.
- K. Liestøl 1922. Skraddarsoga. Norske ættesoger, s. 49-116. Kristiania: Norli.
- T. Liestøl 1976-1987. Åseral 1-2. Gard og ætt. Åseral: Åseral bygdesogenemnd.
- J. Lindeqvist 1857. Optegnelser under en agronomisk Forretningsreise i Lister og Mandals Amt i Sommeren 1856. Christiania: Chr. Grøndahl.
- J. Linjord 1998. Aukland, Store Hagen, Brokka, Leirmyr, Gamle Tuptin. Årsskrift Åseral sogelag 1998, s. 16.
- J. Linjord 2006. Trøskjeskjolet på Åmland. Årsskrift Åseral sogelag 2006, s. 21.
- J. Linjord 2007. Bedehuset Betel på Kylland. Årsskrift Åseral sogelag 2007, s. 16-19.
- G. Midttun 1927. Gardar, hus og husbunad. Norske bygder 2. Vest-Agder II, s. 24-58. Bergen: John Griegs forlag.
- A. Nesland 2006. Egså Sagbruk – Furuneset sagbruk på Egså – Åmland sagbruk – Håvorstad sagbruk. Årsskrift Åseral sogelag, s. 16-20.
- Y. Olsen 2011. Spennende arkeologiske funn i Kyrkjebygd. Årsskrift Åseral sogelag 2009 – 2010 – 2011, s. 3-7.
- M. Ormberg 2014. Folkemusikk og folkedans i Åseral. Årsskrift Åseral sogelag 2012 – 2013 – 2014, s. 22-25.
- J. Røynlid 1994. Nordmannsvegen. Årsskrift Åseral sogelag 1994, s. 9-12.
- J. Røynlid 1995. «Pilegrimenes og bispenes vei». Årsskrift Åseral sogelag 1995, s. 9.
- J. Røynlid 1995. Futevegen. Årsskrift Åseral sogelag 1995, s. 10-14.
- T. Røynlid 2000. Refsdalen, Østre Lognavatten skule. Årsskrift Åseral sogelag, s. 8.

- T. Røynlid 2007. Bedehuset Ljosheim ved Lognavatn. Årsskrift Åseral sogelag 2007, s. 12-15.
- T. Røynlid 2008. Gjæting i Logndalen i Åseral. Årsskrift Åseral sogelag 2008, s. 3-4.
- G.F.L. Schübeler 1861a. Skildringer fra den vestlandske Fjeldbygd Aaseral. Morgenbladet, 7. mai 1861.
- G.F.L. Schübeler 1861b. Fra Aaseral. Morgenbladet, 28. mai 1861.
- G.F.L. Schübeler 1861c. Fra Aaseral! Morgenbladet, 9. juni 1861.
- H. Seip 1976. Åseral prestegård. E. Christie (red.): Prestegårdsliv. Minner fra norske prestegårder, 54-83. Oslo: Land og kirke/Gyldendal.
- J. Skar 1961-1963. Gamalt or Sætesdal 1-3. Oslo: Det norske samlaget.
- F.-A. Stylegar 2001. Et stolpebygget kapell fra høymiddelalderen ved Nordmannsvegen i Åseral. Bidrag til en sagnkirkes arkeologi. Fortidsminneforeningens årbok 2001, s. 125-136.
- F.-A. Stylegar 2016. Tusen år i Sosteli. Årsskrift Åseral sogelag 2016, s. 3-10.
- E. Østmo 1984. Kulturminner ved Gyvatn og Evje øst, Vest-Agder og Aust-Agder. Oslo: Universitetets oldsaksamling.
- E. Sundt 1862. Om Bygnings-Skikken paa Landet i Norge. Christiania: P.T. Mallings Bogtrykkeri.
- O. Uleberg 1997. Ferdselsveggar over til Setesdal. Årsskrift Åseral sogelag 1998, s. 13.
- T. Utengen 2012. Lordehytta: Eit slott i fjellheimen. Jubileumsskrift 1912-2012. Kyrkjebygd: Åseral kommune.
- G. Øidne 1949. Barnevandringar på Sørlandet i eldre tid. Syn og Segn 55, s. 414-420.
- O.A. Øverland 1913. De norske bygdemagasiner. Kristiania: Grøndahl.
- B. Øyulvstad 2001. Husmannsplassar på Strennan. Nabben, Stien, Krikkjen, Varmekron, Skrømtebakkjen og Plasset. Årsskrift Åseral sogelag 2001, s. 9-13.

*Den store stuten hev så store honn
at dei tok femton tunnu konn
Binn for bøkjin, linn for løkjin
lindar i løkjin lirå
Trillaritrå skuræ klirå*

- Lokaltradisjon Åseral -



**ÅSERAL
KOMMUNE**
- Ei positiv kraft